

## BARNEUTBERING

Denne artikkelen vart skriven våren 1985, og hovudpunkta i arbeidet vart lagde fram som føredrag på symposiet "Kvinders Rosengaard", Århus 5.-8. august 1985. Eit samandrag av artikkelen vert trykt i ein rapport frå Århus-symposiet.

### 1.0 Innleiing

I dette arbeidet skal eg prøve å konsentrere meg om barneutbering i førkristen norrøn tid. Emnet er avgrensa på denne måten dels fordi det er svært omfattande, dels fordi innføringa av kristendomen, som førte med seg eit forbod mot barneutbering, dannar eit naturleg kronologisk skilje. Men den viktigaste grunnen til at eg prøver å konsentrere meg om denne eldste perioden som vi har kjelder til, er at eg trur det er svært viktig - også for å dømme om samanhengen mellom den heidne seden barneutbering og forestillingar om utburden og barneutbering i nyare tid - at vi prøver å danne oss eit så klart bilete som mogeleg av kva som var utgangspunktet på det norrøne området. Det er då også underforstått at eg meiner det kan vere grunn til å stille spørsmålsteikn ved det biletet av barneutbering i norrøn tid som er gjeve i vitskapleg litteratur om emnet, og ved den måten kjeldene er utnytta på.

Kjeldene eg brukar, er skriftlege kjelder, og dei kan grovt sett delast i to typar:

I Litterære kjelder

II Lovtekster

Opplysningane om barneutbering i dei litterære kjeldene kan igjen delast i to typar:

Ia Barneutbering som litterært motiv (t.d. heile teksta i vedlegg I 7)

Ib Opplysningar om barneutbering som gjev seg ut for historisk korrekt kunnskap om forhold i faren tid (t.d. Aris opplysning om barneutbering i Íslendingabók, vedlegg I 12) eller forfattarkommentarar o.l. til barneutbering i dei litterære tekstene (t.d. forfattarkommentaren i vedlegg I 5).

Sidan vurdering av den historiske kjeldeverdien til dei ulike kjeldetypane og analysar av kva ord og uttrykk som er nytta i kjeldene, tyder, har stor plass i dette arbeidet, har eg funne det rett å leggje ved alle nytta kjelder som direkte handlar om barneutbering, som vedlegg (dei som ikkje er så korte at dei fullt ut er siterte i teksta). Litterære kjelder er I 1, I 2 osv. (I vedlegga er det ikkje skilt mellom kjeldetypane Ia og Ib sidan dei til dels er blanda i tekstene.) Lovtekstene ligg ved som vedlegg II 1, II 2 osv.

Som sagt har eg innvendingar mot den måten kjeldene som er nemnde ovanfor, er utnytta på. Og eg vil la nokre sitat frå autoritative arbeid om barneutbering tale for seg sjølve. Desse er lagde ved som vedlegg III 1, III 2 osv. Sitata skulle både vise kva som er gjeldande lære, korleis kjeldene er nytta, og kva slags kjelder det først og fremst er bygt på.

### 1.1 Korleis kjeldene er brukte

Som sitata viser, byggjer den oppfatninga som har danna seg av barneutbering i heiden tid, først og fremst på dei litterære

kjeldene. Mi hovudinnvending mot kjeldebruken i mange tidlegare arbeid er nettopp at forskarane tek utgangspunktet i dei litterære kjeldene - som om ein ser ukritisk på dei, synest å gje mest - utan å spørje om desse kjeldene er dei beste. Etterpå går dei - i beste fall - til lovene og får stadfest det biletet dei har danna seg av barneutbering i heiden tid ut ifrå unge litterære tekster. Dette er også den måten stoffet er disponert på i dei siste arbeida om emnet. I avhandlinga til Martina Wilhelmina Stein-Wilkeshuis: Het kind in de Oudijslandse samenleving, Groningen 1970, som, slik tittelen viser, handlar om barnet i det islandske samfunnet, er norske lover som kjelde til barneutbering så vidt nemnde, men eigentleg ikkje utnytta. I avhandlinga til Juha Pentikäinen: The Nordic Dead-Child Tradition. Nordic Dead-Child Beings (FF Communication No 22, Helsinki 1968), er der også eit avsnitt som byggjer på norrønt materiale. Sagatekstene vert gjennomgådde først, deretter vert lovmaterialet drege inn. Det same er tilfelle i kapittelet om barneutbering, "Utsättande av barn" i Lizzie Carlssons avhandling: "Jag giver dig min dotter" II, Lund 1972. Men i denne siste avhandlinga vert gjennomgåinga av det nordiske materialet rett nok innleia med eit avsnitt om barneutbering i dei eldste lovene til andre germanske folk, dvs. i lovene til burgunderane, vestgoterane og anglosaxarane.

Som vi ser av sitata frå Hovstad og særleg frå Reichborn-Kjennerud (Vedlegg III 1 og 3), er den minste detalj i dei litterære tekstene utnytta, og det som kanskje berre er fortalt i eitt litterært motiv, kan vere allmenngjort og opphevja som allmenn regel for framgangsmåten ved barneutbering i norrøn tid.

Problemet med å nytte litterære tekster som kjelder, til og med litterære tekster frå ein langt seinare periode enn den perioden som er behandla, er i den vitskaplege litteraturen om emnet anten over hovudet ikkje teke opp, som hjå Reichborn-Kjennerud og Hovstad; eller der problemet er nemnt, som hjå Juha Pentikäinen, kan det verke som forfattaren veit det er ei plikt å ta opp dette spørsmålet; men det er ikkje mogeleg å sjå at det får særlege konsekvensar for bruken av kjeldene eller for konklusjonane. Lizzie Carlsson seier at "Motivet är i sagorna mer eller mindre romantiserat" (op.sit. s. 205), men gjev i det store og heile uttrykk for stor tillit til sagaene som historiske kjelder til emnet.

Til dels verkar det som konklusjonane som vert dregne av det nordiske materialet, også er sterkt påverka av at forskarane har skjela til skikkar kring barneutbering hjå folkeslag nær og fjern i tid og rom, og at dei har tolka det heimlege materiale i lys av desse parallellane. Dette er dels tilfelle i avhandlinga til Juha Pentikäinen, og det same gjeld ei førelesing sosm Carol Clover heldt om barneutbering ved Universitetet i Reykjavík 1982. (Omtale av førelesinga: "Þat barn skal út bera, hvárt sem þat er" står prenta i "Þjóðviljinn", 30.-31. okt. 1982.)

## 1.2 Vurdering av kjeldene

Eg vil ikkje totalt forkaste dei litterære kjeldene, og eg meiner heller ikkje at barneutbering hjå andre folk treng vera uinteressante parallellar, t.d. meiner eg at parallellar hjå andre

germanske folk, som dei Lizzie Carlsson dreg fram, avgjort er av stor interesse. Men eg meiner at når ein skal prøve å finne ut noko om barneutbering i heiden norrønt tid, så må ein ta utgangspunktet i dei kjeldene som ein meiner gjev dei pålitelegaste opplysningane om det samfunnet og den tida som skal granskast. Og dei pålitelegaste opplysningane finn ein ikkje alltid i dei fylldigaste kjeldene.

Dei litterære kjeldene (kjeldetype Ia), som forskarane primært har bygt på når dei har drege konklusjonar om korleis barneutbering i norrøn tid føregjekk, er etter mitt syn dei dårlegaste historiske kjeldene. Når det gjeld kjeldetype Ib, kan den historiske kjeldeverdien vere noko varierende. Lovene (kjeldetype II) er etter mitt syn dei beste kjeldene - om ein brukar dei med varsemd. Denne innbyrdes vurderinga av kjeldene skal eg få grunngje.

### 1.2.1 Kjeldetype Ia

Kjeldetype I gjev seg ut for å fortelje om den heidne tida, men når kjeldetype Ia - barneutbering som litterært motiv - etter mitt syn er relativt dårlege kjelder til barneutbering i heiden tid, har dette to hovudgrunnar. Den eine er den lange tidsavstanden mellom den tida då dei litterære tekstene vart skrivne og den heidne tida som dei gjev seg ut for å fortelje om; den andre er at litterære tekster/dikting kan innehalde mange feilkjeder som kan tilbakeførast til den kunstnarlege funksjonen til dei litterære motiva i verket.

Når ein skal vurdere kva rolle tidsavstanden mellom skriftleg verk og den tida som det er fortalt om, spelar, så er sjølvstøtt spørsmålet kva forfattarar som levde på 1200-talet, 1300-talet og 1400-talet kunne vite om barneutbering i heiden tid. Svaret på dette spørsmålet kan vere noko avhengig av i kva grad lovforboda mot barneutbering vart respekterte i kristen tid. 1)

Dersom lovforboda vart respekterte, vart ein heiden skikk broten; og då er 200-400 år ein så lang periode at ein vanskeleg kan tenkje seg at tradisjonen kunne ta vare på detaljane i ein død skikk. Det vil seie at folk ville vite at barneutbering fann stad ein gong for lenge sidan, men ville truleg ha vagare førestillingar om korleis dette gjekk føre seg. Dersom lovforboda mot barneutbering derimot ikkje vart respekterte, og barneutbering i ei eller anna form vart praktisert i kristen tid, kunne folk på den tida dei litterære tekstene vart skrivne, ha store kunnskapar

- 1) Vi ser av vedlegg III 1 og 2 at både Johan Hovstad og Karen Wedrup, som har skrive artiklane om barneutbering i KLNLM, reknar med at lovforboda gjorde slutt på barneutbering. Dette spørsmålet fell utanfor mitt emne. Men sidan det kan spele ei viss rolle for korleis ein vurderer dei litterære motiva som fortel om barneutbering, skal eg berre kort gje mitt syn til kjenne utan å gje ei utfyllande grunngjeving. Eg kan ikkje vere samd med Hovstad og Wedrup. At kyrkja forbod barneutbering, betyr ikkje utan vidare at det vart slutt på dette. Det var ganske mange sider ved den kyrkjelege lovgjevinga som vart lite respekterte. At lovforboda vart ståande i dei norske lovene heile mellomalderen igjennom, er etter mitt syn eit ganske sterkt indisium på at barneutbering vart praktisert. Og desse forboda vart ikkje ståande som eit relikvium frå farne tider, for lovforboda vart omforma, og dels vart straffereaksjonane endra. At barneutbering/barnedrap er kjent frå seinare periodar - til tider ser dette ut for å ha vore eit svært vanleg brotsverk - tyder også på at barneutbering i ei eller anna form vart praktisert i mellomalderen, for vi har neppe hatt ein periode med barneutbering/barnedrap, så ein periode utan, og så på ny ein periode då dette vart praktisert.

om barneutbering i og for seg. Men spørsmålet er då om ikkje barneutbering i heiden og kristen tid måtte skje i temmeleg ulike former fordi det første var ein godteken praksis i samfunnet, det siste var kriminalitet som måtte skje i løynd. I tilfelle har vi ein slags kontinuitet når det gjeld barneutbering, men det er lite rimeleg at det er kontinuitet i dei formene det har skjedd på - kanskje bortsett frå enkelte detaljar. Skildringane av dei nærmare omstenda kring barneutbering i heiden tid kan det altså vere grunn til å sjå på med skepsis sjølv om det kristne samfunnet praktiserte barneutbering.

Den andre grunnen til skepsis mot dei litterære kjeldene var at dei må vurderast i lys av at dei er dikting. Dette vil seie at forteljingane om barneutbering er underlagde litterære lover, og motivert skal tene ulike litterære funksjonar i verket med alt det kan innebere. Ein kan heller ikkje lite på at dei litterære motiva som fortel om barneutbering, berre er forma på grunnlag av norrøne førestillingar. Ein kan nemleg ikkje sjå bort frå mønster i framand litteratur. Ei side ved dei litterære motiva, som sjølvstakt kan svekke dei som historiske kjelder, er at dei eigentleg ikkje fortel om normale døme på barneutbering, men om tilfelle der den normale utgangen på ei slik handling - at barnet misser livet - vert hindra.

At dei litterære motiva er forma etter litterære mønster, viser seg i ei temmeleg sterk standardisering av motiva. Standardiseringa kan for så vidt skrive seg frå munnlege segner, og visse fellestrekk kan også forklarast ut ifrå at barneutbering fortel om situasjonar som kan ha vore relativt like frå tilfelle til

tilfelle. Men likskapane i oppbygginga av motivet frå tekst til tekst verkar mistenkjeleg stor.

Vi ser også at motivet fyller bestemte litterære funksjonar. Eit fellestrekk i tekstene er at nokon bed for barnet og seier det ser emneleg ut, og spår at det vil få ei stor framtid om det får leve. Utberingsmotivet fungerer altså innanfor det litterære verket som spådom om framtida til ein (oftast sentral) person, og kan frå ein komposisjonsteknisk synsstad bytast ut med andre motiv som fungerer på same måten. Motivets kan også gå inn i tematikken i verket. Det understrekar lagnadstrua, eller i tekster med kristen tendens: Guds forsyn.

At ein ikkje kan sjå bort frå at utberingsmotiva har mønster i framand litteratur - med den fare som ligg i det når ein brukar dei som historiske kjelder - synest eg vert ganske klart når vi ser på den litt avvikande motivvarianten i Legendariske saga (vedlegg I 1). I denne motivvarianten vart barnet som skal berast ut, lagt i eit gamalt, skrøpeleg hus eit stykke frå dei andre husa, og det viser seg eit lys over barnet (vanleg legendemotiv). Eg skulle tru at det neppe kan vere tvil om at forfattaren av denne forteljinga har utforma si tekst med tanke på å vekkje assosiasjonar til Jesusbarnet i stallen og Betlehemsstjerna. Dei element i forteljinga som vert nytta til å vekkje desse assosiasjonane, har ingen verdi som historiske kjelder.

Ein skal heller ikkje sjå bort frå at motiv som liknar sterkt på dei norrøne utberingsmotiva, var kjende og populære også i



europæisk litteratur som vart omsett til norrønt mál, truleg før nokon av dei tekstene som inneheld dei norrøne litterære utberingsmotiva vart skrivne. I Strengleikar (Eskjasongen) t.d. har vi ei forteljing om eit jentebarn (tvilling) som vert lagd under ei ask framfor ei kyrkje som nyfødd, og som veks opp som ættlaus og foreldrelaus i eit kloster. Av denne grunn kan ho ikkje gifte seg med den høgætta elskaren sin, men lever som frilla hans til slektingane hans overtalar han til å gifte seg med ei høgætta kvinne. Under bryllaupet kjem det fram at frilla er tvilling-syster til bruda. Den høviske framferda til frilla vekker mistanke om at ho er meir storætta enn folk har trudd, og ho vert endeleg identifisert ved hjelp at dei kleda og det utstyret ho hadde på seg då ho vart funnen som spebarn.

At det utsette barnet vert gjenkjent fordi det har ein utsjånad og oppførsel som avslører det som meir høgætta enn omgjevnadene sine, finn vi også att i fleire av dei norrøne utberingsmotiva. Dette motivet er elles kjent også i litteratur som fortel om bortkomne born utan at det er snakk om utbering.

Ei side ved dei litterære motiva som etter mitt syn gjer dei særleg mistenkjelege som kjelder til korleis barneutbering gjekk føre seg, er at forfattarane vert nøydde for å skape ei realistisk ramme kring utberinga som kan forklare at borna overlever. Desse motiva fortel jo eigentleg ikkje om barneutbering, men om korleis born som skulle berast ut, vart redda. Dette vil for det første seie at barnet ikkje kan drepast. Om utborne barn vart drepne, må dei litterære motiva gje ei anna framstilling på dette

punktet. Borna må vidare vernast mot kulde og udyr. At barnet vert tulla inn i klede, at det vert lagt på ein lun stad eller slik at det lett skal finnast, kanskje også at det får noko i munnen å suge på, er alt saman moment som skal skape ei realistisk ramme som kan forklare det utrulege at eit spebarn overlever ei utbering. I realiteten ville eit spebarn under nordiske klimatiske forhold overleve ei utbering berre under ekstremt gunstige tilhøve. At barnet er godt påkledd, er eit moment som kan vere lånt frå dei europeiske "hittebarnmotiva". Men klede, eventuelt smykke o.l., tener der primært ein annan funksjon, nemleg å identifisere barnet som vakse. Av forteljingane om barneutbering i det nordiske materialet verkar det som motivvarianten i Jómsvíkinga saga (vedlegg I 9) er sterkast påverka av europeisk stoff. Som i Eskjasongen får barnet namn på grunnlag av dei omstenda det vert funne i (Eskja fikk sitt namn fordi ho vart funnet under ein ask). Klede tener i Jómsvíkinga saga til å identifisere barnet som høgætta, men ikkje til ei endeleg identifisering. Opplysningar om vakre klede - som nærmast vert liggjande som daudt stoff i dei nordiske utberingsmotiva - har vi også i Finnboga saga. At vi finn tendensar til det vi kan kalle daudt stoff, peikar sterkt i retning av litterært lån.

Utberinga kan sjølv sagt ha gått føre seg som i dei litterære motiva der barnet ikkje vert drepe, om den som bar ut, prøvde å redde barnet. Men dette kan vi ikkje rekne med var særleg vanleg i heiden tid, for vi må hugse på at vi har med ein skikk å gjere der meininga nettopp er at barnet skal døy. Men i kristen tid, då kyrkja byrja å innprente for ei grusom synd barneutbering var,

kan det vel tenkjast at tendensen til å forlate barnet levande, gjerne i vona om at det skulle verte redda, greip om seg. Men dette er då eigentleg ikkje lenger barneutbering; slike born er hitteborn. Men her er altså ein sjanse for at dei litterære motiva er meir i samsvar med samtida enn med den heidne tida dei pretenderer å gje eit bilete av.

### 1.2.2 Kjeldetype Ib

Kjeldene av type Ib kan ha ein noko skiftande kjeldeverdi avhengig av fleire faktorar. Aris korte opplysning om barneutbering (vedlegg I 12) vil eg vurdere som relativt påliteleg både fordi Ari elles er kjend som ein kritisk forfattar og fordi det i dette tilfellet etter måten er kort tidsavstand mellom den tida Ari skreiv og den tida han skreiv om. Når ein forfattar lenge seinare som m.a. byggjer på Ari, knyter saman opplysninga om barneutbering og hestekjøting (vedlegg I 14), kan dette ikkje tilleggjast den same vekt som historisk kjelde. Forfattaren kan sjølv sagt byggje på ein eldre tradisjon, men vi har ikkje prov for at det er noko anna enn hans eiga evne til å kombinere opplysningar og å dra logiske konklusjonar som ligg bak når han gjev grunnen for at barneutbering vart tillate då kristendomen vart vedteken år 1000. Styrken i det synspunktet forfattaren av Oláfs saga Tryggvasonar in mesta gjev uttrykk for, ligg i at han kombinerer opplysningar i eldre kjelder på en logisk måte, ikkje i at vi finn dette i ei kjelde frå mellomalderen. Når det t.d. i Harðar saga står at det vart rekna som mord om eit barn som hadde fått mat, vart drepe (vedlegg I 5), så er dette ei tillitsvekkjande opplysning fordi det ser ut som dette vert støtta av ein annan kjeldetype, nemleg

lovene. Når det i Finnboga saga (vedlegg I 6) derimot, står at det vart stelt med barnet som skulle berast ut sem vandi var á, så er det etter mitt syn sterk grunn til å tvile på at forfatta- ren har kjent nokon slik vandi - anna enn frå andre litterære motiv - for den etterfylgjande skildringa av korleis det vert stelt med barnet, er eit typisk døme på korleis ein forfattar prøver å skape ei realistisk ramme som kan forklare at barnet overlever. Når han seiest å ha kunnskap om korleis dette føre- gjekk, er dette forståeleg ut ifrå eit ynske om at forteljinga hans skal verte akseptert.

#### Kjeldetype II

Eg vurderer som sagt lovene, det vil i praksis sei dei norske landskapslovene<sup>2)</sup> som dei sikraste kjeldene til korleis barne-

2) Frå norsk område er dei eldre kristenrettane for alle dei fire lagdøma, Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting bevarte; like eins den eldre Bjarkøyretten for Nidaros. Alle desse kristenrettane gjev opplysningar om barneutbering. Dei fleste reknar med at dei norske lovene opphavleg vart skrivne ned i styringstida til Olav Kyrre, altså på slutten av 1000-talet. Dei einskilte avsnitta i dei eldre kristenrettane kan skrive seg frå ulike tidspunkt i perioden frå dei første kristenrettane vart givne (etter tradisjonen av Olav den heilage) og til dei eldre kristenrettane vart avløyste av dei yngre. Gulatingslova gjev opplysningar om kva som er Olavstekst (Olav den heilage) og kva som er Magnustekst (Magnus Erlingsson). Desse opplysningane kan til dels også hjelpe ein til å finne eldre og yngre lag i dei andre landskapslovene. Teksta i den bevarte eldre Frostatingslova gjev att ein yngre redaksjon av lova, etter vanleg meining byggjer handskrifta i det store og heile på erkebiskop Eysteins lovbok Gullfjodr (siste halvdel av 1100-talet, frå før 1180); men enkelte avsnitt og formuleringar i denne redaksjonen er sjølvsagt tekne opp frå den eldre redaksjonen av eldre Frostatingslov, Grágás. Det er dei eldste laga i kristenrettane som er mest verdifulle som kjelder til korleis barneutbering vart praktisert i heiden tid. Formuleringar frå dei yngre kristenrettane er tekne med i vedlegga for å vise kor stor kontinuitet det trass er i dei uttrykk og formuleringar som gjeld barneutbering. Det er rimeleg å tru at denne kontinuiteten også strekkjer seg

utbering føregjekk i heiden tid, trass i at dei ikkje gjev fylldige skildringar, trass i at dei berre gjev indirekte opplysningar gjennom forboda mot denne skikken, og trass i at dei er den einaste typen av dei skriftlege kjeldene som ikkje gjev seg ut for å gje opplysningar om den heidne tida.

Når eg likevel tillegg lovene så stor vekt som kjelder, så er det fordi dei opphavlege forboda som har funnest i kristenrettane mot barneutbering, fører oss heilt tilbake til skiljet mellom heiden og kristen tid; og dei må i utgangspunktet ha vore retta mot ein praksis som han var i heiden tid.

tilbake til tida før dei eldste kristenrettane vart skrivne ned. Dei islandske lovene frå fristatstida inneheld eit påbod om at alle born skal døypast, men ikkje noko direkte formulert forbod mot barneutbering. Standardformuleringa i dei islandske fristatslovene er: Barn huert er alit er skal foera til skirnar sua sem fyrst ma með hueregri skepnu er þat er (Skálholtsbók). Men eitt av lovhandskrifta, Arnarboelislíbók, har eit interessant tillegg: ef manz hefir raudd. Om barnet ikkje har manns røyst - kva det no vil seie - så seier dette lovhandskriftet at det ikkje skal ha dåpen. Men alternativet til dåp kan ikkje vere at barnet skal vekse opp udøypt. Dette tillegget i Arnarboelislíbók bør ein sjå i samanheng med det norske landskapslover seier om kva slags born som kan berast ut. At barnet ikkje har manns røyst er grunn til å la vere å døype det og la det døy i EE kap 6 (vedlegg II 13). Dette tillegget i Arnarboelislíbók er eg difor sterkt freista til å sjå som ein rest frå eit eldre lag i dei islandske fristatslovene, eit lag som kan ha innehalde liknande formuleringar som dei norske landskapslovene om at sterkt vanskapte born kan berast ut. Då vert det også rimeleg å tolke påbodet om dåp som eit indirekte forbod mot barneutbering. Men sidan barneutbering aldri er nemnt i dei islandske fristatslovene, kan desse lovene ikkje gje opplysningar om denne skikken på same måten som dei norske landskapslovene. I likskap med dei islandske lovene, seier dei svenske lovene så lite om barneutbering at dei kan ikkje brukast som kjelder til korleis barneutbering vart praktisert; men ein kan slutte seg til at barneutbering var praktisert i Sverige (sjå vedlegg III 2).

Vansken med å bruke lovene som kjelder til heiden tid er sjølv-sagt at vi strengt tatt ikkje har garantiar for at påbod og forbod, formuleringar, ord og uttrykk er opphavlege i lovene. Strengt tatt rettar alle forbod mot barneutbering i dei bevarte lovene seg mot samtida, dvs. mot kristen tid. Og som eg skal kome attende til, er det ikkje urimeleg at skikkane kring barneutbering endra seg som følgje av forbodet. Tolkar ein påbod eller forbod i lovene som rettar seg mot ein endra praksis i kristen tid, som om dei var opphavlege og rettar seg mot heiden praksis, kan ein sjølv-sagt kome til å dra feil slutningar.

Trass i desse vanskaner trur eg det er mogeleg å danne seg eit relativt klart bilete av kva det sentrale innhaldet i dei lov-avsnitta som opphavleg galdt barneutbering har gått ut på. Til dels trur eg også det er mogeleg å fastslå med ganske stor visse at ord og uttrykk som kan gje informasjon om korleis barneutbering gjekk føre seg, er opphavlege i lovene. Når det ofte er mogeleg å fastslå med temmeleg stor visse kva som er det eldste laget i dei norske lovene - sjølv om ein ikkje kan lite på at formuleringane i detalj er opphavlege - så er det fordi det dels går fram av lovene sjølve kva som er eldre og yngre lag, og dels fordi ein for dei eldste kristenrettane kan samanlikne fire landskapslover og ei bylov innbyrdes, noko som hjelper ein til å finne fram til ein relativ kronologi. Under analysen av lovene skal eg kome attende til dette spørsmålet meir i detalj og med konkrete døme.

Sidan eg vurderer lovene som dei sikraste kjeldene til barneutbering i heiden tid fordi dei eldste laga i lovene fører oss nærmast det emnet som skal granskast, vel eg å ta utgangspunkt i

lovene og primært byggje på dei om dette er mogeleg. Andre skriftlege kjeldetypar vert dregne inn for å supplere materialet. På enkelte punkt trur eg også dette materialet gjev interessante opplysningar. Barneutbering hjå andre folk vert berre i svært liten grad drege inn som supplering til det norrøne materialet. Etter mitt syn er det berre barneutbering hjå folk som lever dei norrøne samfunna nært i tid og rom, og som dessutan har ein kultur som er samanliknbar med norrøn kultur, som kan gje verkeleg interessante parallellar. Dei litterære kjeldene kan på enkelte punkt gje utførlege opplysningar der lovene ikkje kan fortelje noko. Om det av årsaker eg har vore inne på, er grunn til å tvile på dei litterære kjeldene på desse punkta, kan det i nokre tilfelle også vere mogeleg å dra visse konklusjonar om barneutbering ut ifrå generelle kunnskapar om norrøn tid. Det kan vere eit sikrare grunnlag enn diktinga. Og det biletet ein dannar seg av barneutbering bør - same kva slags kjelder som dannar grunnlaget - alltid kontrollerast mot det ein elles veit om det norrøne samfunnet.

## 2.0 Problemstillingane

Dei spørsmål eg vil stille til materialet er følgjande:

1. Kven rådde for barneutbering?
2. Kvifor vart born borne ut?
3. Kva slags born/kven sine born vart borne ut?
4. Kor stort omfang hadde barneutberinga?
5. Korleis var omstenda kring barneutberinga? Vart t.d. barnet

bore ut levande, eller vart det drepe? Når vart barnet bore ut? Kan ein feste lit til det dei litterære kjeldene fortel

om korleis barnet vart utstyrt? Kvar gjorde dei av barnet?

6. Korleis vart barneutbering vurdert?

### 2.1 Kven rådde for barneutbering

I fleire lover finn vi den kategoriske formuleringa: fad̥ir á barnit (eller ein liknande ordlyd). Det syn som kjem til uttrykk i ei slik formulering, høver elles godt med det inntrykk norrøne kjelder generelt gjev av kven som har den øvste makta i ein huslyd. Og ut ifrå dette burde ein vente at det er faren som er den som avgjer om eit barn skal leve eller berast ut. At dette er normalsituasjonen, kan vi vel seie vert stadfest av kjeldene, men særleg lovene gjer det klart at ein også må rekne med at andre kan vere ansvarlege for utberinga.

Dersom vi ser på Eldre Gulatingslov (EG) kap. 22 (vedlegg II 2) og Eldre Frostatingslov (EF) kap. 2 (vedlegg II 4) står der: Ef maðr berr ut barn sitt.../En ef maðr slær vtt barne sinu... Uttrykka barn sitt/barne sinu skulle vel vise at det her er snakk om ein av foreldra. Men ser ein på utsegnene isolert, har ein neppe grunnlag for å seie at det her er tenkt spesielt på faren. Maðr har nemleg fleire tydingar. Ordet tyder 'mann' (karlmaðr), men det tyder også 'menneske', og det vert brukt som pronomen, 'nokon'. Det siste er svært vanleg i lovspråket. Den språkleg



sett mest korrekte omsetjinga av dei siterte setningane skulle eg tru er: Om nokon ber ut (slær ut) barnet sitt...

I EG (vedlegg II 2) ser vi også at setninga Ef maðr berr út... lenger nede er sidestilt med: En ef spillir man manna... Man er eit ord som tyder både 'træl' og 'trælkvinne', og når dette ordet er valt, og ikkje præll, som vi ser er nytta i EF kap. 2 (vedlegg II 4) der det står i opposisjon til bónði, så tek eg det som eit indisium på at maðr skal dekkje 'foreldre av begge kjønn', slik som man gjer det same.

I EF kap. 2 (vedlegg II 4) synest eg det går fram av samanhengen at maðr også er meint å dekkje kona. Om ein les i samanheng frå En ef maðr neittar því til og med einsaman stodd, synest eg det er ei nærliggjande og logisk (men ikkje heilt naudsynleg) tolking at hon seolf, dvs. barselkona, er identisk med maðr. Det er mogeleg at denne lese måten vert støtta av teksta i Bjarkøyretten (B) kap. 3 (vedlegg II 7). Den bevarte norske B galdt for Nidaros, og det er difor rimeleg å sjå denne og EF i samanheng. Bjarkøyrettane var helst supplerande i forhold til dei omliggjande landskapslovene - noko som også tydeleg går fram av B kap. 1 (vedlegg II 6). Men Bjarkøyrettane kan også innehalde lovtekster som er parallelle i forhold til dei omliggjande landskapslovene.

B skil seg ut frå alle dei andre norske lovene ved å nytte ei formulering - En ef biskups armaðr kennir þat kono (vedlegg II 7) der det eksplisitt går fram at det har vore rekna med at mora kunne vere den ansvarlege for barneutberinga. Om ein oppfattar

teksta i B som parallell til EF kap. 2, er ei mogeleg tolking at formuleringa i B eksplisitt gjev uttrykk for det som ligg implisitt i EF kap. 2, nemleg at i dei tilfella der spørsmålet gjeld om barnet var dødfødd eller om det vart bore ut, er mora hovudmistenkt for det eventuelle brotsverket (jamfør også Eldre Borgartingslov (EB) kap. 3 og Eldre Eidsivatingslov (EE) kap. 3 (vedlegg II 9 og 11)).

Om ein derimot oppfattar B som supplerande i forhold til EF kan forklaringa på den avstikkande formuleringa kanskje vere at B vil slå fast at kona, dvs. husfrua, er like økonomisk ansvarleg og skal bøte like mykje for brotsverket som husbonden om barneutbering har funne stad. Når det gjeld bøtene, skil nemleg EF seg ut frå EG på ein slik måte at dette kan ha vore eit smotthol i lova. Etter EF ser det nemleg ut for at full bot (3 merkr) skal betalast berre der bonden sjølv er ansvarleg for utberinga, men om nokon annan i husluden bar ut - og formuleringa som er nytta: er hann atte at hallða orde eða eidi firir (vedlegg II 4) omfattar truleg også bondens kone - er bota betydeleg lågare (6 øyre).

Den uttalte mistanken mot mora i B bør ein kanskje også sjå i samanheng med at bylovene (Bjarkøyrettane) har tilknytning austover til svenske lover. Også termen barns vttkast som er nytta i denne lova, peikar - som eg skal kome attende til - austover. Den eldste norske Bjarkøyretten er etter tradisjonen eldre enn kristendomen i Sverige, og vart sett av Olav Tryggvason for Nidaros. Denne var også eldre enn kristenrettane i landskaps-

lovene, og kan opphavleg ikkje ha innehalde ein kristenrett. Det som utgjer kristenretten i B har truleg i det vesentlege kome til etter mønster av kristenretten i landskapslova, eller for å supplere denne. Men når det gjeld den uttalte mistanken mot mora for barnedrap, kan det vere freistande å sjå dette som resultat av austleg påverknad. I bevarte svenske lover - som er betydeleg yngre enn dei norske - er det klart at mora er hovudmistenkt for barnedrap; og dette gjeld faktisk også for dei to austnorske kristenrettane. (Eg skal kome attende til ein diskusjon av forholdet mellom barnedrap og utbering.)

Når det gjeld spørsmålet kven lovene mistenkjer for utbering/-barnedrap, kjem det i det norske materialet fram ein geografisk skilnad. I den eldste vestnorske og trøndske kristenretten er både mann og kvinne mistenkt som den ansvarlege for utbering. I dei austnorske kristenrettane er termar som bera út o.l. ikkje brukte, men mora er framstilt som den einaste mistenkte for barnedrap. At mora eventuelt drep barnet etter pålegg frå faren eller bonden, kan ein vel ikkje sjå bort frå, men formuleringane i lova gjev ikkje haldepunkt for å dra slutningar om dette.

Lovene gjev altså eit noko anna bilete enn dei litterære kjeldene av kva del kvinnene hadde i barneutberinga. Denne motsetninga mellom dei to kjeldetypane er der sjølv om ein held dei austnorske kristenrettane, som rettar all mistanke mot mora, utanfor.

Det inntrykket ein får frå dei litterære kjeldene, at den grusomme far - eventuelt andre mannlege slektningar - let bere

ut, og at mora var eit passivt offer eller gjorde nyttelaus motstand mot den mannlege overmakta, og syrgde over tapet av barnet, er det når ein held dei litterære skildringane saman med lovene, truleg grunn til å sjå på som "romantiserande" skildringar når det gjeld kvinnene sin del i desse handlingane.

Visse atterhald bør ein likevel ta mot denne konklusjonen. Når det ser ut for at lovene i så høg grad mistenkjer kvinnene, kan grunnen vere at lovene har formuleringar som skal dekkje alle eventualitetar. Om lovene så har formuleringar som viser at ein har rekna med at mora kunne vere ansvarleg for barneutbering, så seier det ingen ting om kor vanleg det var at mora og ikkje faren/bonden var den ansvarlege.

Dessutan kan ein ikkje sjå bort frå at vi her har døme på det eg diskuterte innleiingsvis, nemleg at forbod, påbod og formuleringar kan rette seg mot ein endra praksis i kristen tid. Eg trur at det er all grunn til å rekne med at dei formuleringane som viser at både menn og kvinner kan mistenkjast for barneutbering, er opphavlege. Om den vestnorske og den trøndske kristenretten opphavleg skulle ha andre formuleringar som ikkje rekna med at mora kunne vere ansvarleg, ville vi få eit urimeleg skarpt skilje mellom vestnorsk/trøndsk rett på den eine sida og austnorsk på den andre. Og dersom den vestnorske og den trøndske kristenretten opphavleg skulle ha formuleringar som ikkje rekna med at faren var den ansvarlege for barneutbering, ville vi få ein heilt uforklarleg skilnad mellom dei islandske litterære kjeldene og dei norske landskapslovene som ein burde rekne med stod dei

litterære kjeldene nærmast. Når det gjeld dei formuleringane som spesielt framhevar mora som mistenkt for utbering/barnedrap, er eg meir i tvil om desse kan førast tilbake til dei eldste laga i lovene.

Om det var vanleg praksis før kristendomen vart innført, at faren/bonden fullt openlyst og offentleg avgjorde at eit barn skulle berast ut, så vart dette ein for risikofylt praksis i kristen tid. Den som lettast kunne ta barnet av dage utan å risikere straff, var mora, som kunne føde åleine (som er forbode i kristenrettane), drepe barnet og seie at det var dødfødt, eller drepe barnet når ho vart åleine med det, og seie at det hadde døydd naturleg. Forbodet mot barneutbering kan altså ha ført til eit press mot kvinnene til å drepe barnet i dei tilfella der utbering bestemt av faren/bonden ville ha vore løysinga etter heiden sed. Det er difor mogeleg at lovene gjev inntrykk av at kvinnene sin del i barneutbering/barnedrap var større enn kva som var tilfelle i heiden tid. Men eit eventuelt press mot kvinnene til å utføre barnedrap kan ikkje forklare den geografiske skilnaden som kjem fram i det norske materialet. Eg skulle difor gå ut frå at mistanken mot kvinnene i det austnorske området - som truleg heng saman med svensk område - opphavleg var sterkare enn i andre delar av Noreg, og at dette, som eg skal kome attende til, kan ha samband med at barneutbering vart praktisert på noko ulike måtar i ulike landsdelar.

Trass i dei atterhalda som her er tekne mot det bilete lovene gjev, skulle lovene likevel gjere det klart at når dei litterære

kjeldene nærmast framstiller forholdet slik at menn og kvinner stod mot kvarandre i synet på barneutbering, så kan dette ikkje halde.

I dei avsnitt i lovene som direkte handlar om barneutbering eller barnedrap, får ein neppe haldepunkt for at enkelte grupper av kvinner er meir mistenkte enn andre for å la borna sine bere ut eller for å ta dei av dage. Men det er mogeleg at andre avsnitt i lovene kan gje eit hint om at for enkelte grupper av kvinner kunne utbering eller barnedrap framstå som eit lokkande alternativ. I tilfelle der faren ikkje kjendest ved barnet, i tilfelle der kvinna ikkje kunne oppgje barnefar - og ein kan ikkje sjå bort frå at i det minste trækvinner kunne kome i den situasjonen - i tilfelle der kvinna ikkje vilde oppgje barnefar - det kan ha vore tilfelle der mannen var betydeleg meir lågætta enn kvinna- og i tilfelle der faren ikkje hadde midlar til å betale for oppfostringa av barnet, ville den fødande kvinna som vedlegga II 3, 5 viser, kome i ein så ubehageleg situasjon at det måtte vere freistande for henne å kvitte seg med barnet utan å vente på at nokon annan eventuelt tok den avgjerda.

Om lovene og dei litterære kjeldene ikkje samsvarast i synet på om kvinner kunne vere ansvarlege for barneutbering, så er både desse kjeldetypane samstemde om at det kunne tilliggje andre menn enn faren å avgjere at eit barn skulle berast ut. Av EF kap. 2 (vedlegg II 4) ser vi at den lova først og fremst mistenkjer som ansvarleg for barneutbering er bonden, dvs. husbonden. At det ikkje berre er snakk om bondens eigne born, går fram av samanhengen, for bonden kan sverje at det ikkje var etter hans råd at

barnet vart bore ut. Reint teoretisk kan ein kanskje tenkje seg at bondekona let bere ut utan at mannen visste om det, men det er lite sannsynleg. Det er nok her tale om born til frie tenestefolk - træleborn står nemnde særskilt - for det er vel opplagt at tenestefolk ville ikkje bere ut bondens barn mot bondens vitande og vilje. Lova reknar med at både tenestefolk og træljar kan bere ut sine born at sínu ráði; men det går også fram at desse kan berast ut at bónda ráði.

At bonden, dvs, husbonden, har teke denne type avgjerder går indirekte også temmeleg klart fram av dei detaljerte reglane om kva som skal gjerast med barnet til gongukona - tiggarkvinne- som døyr (vedlegg II 4). At praksis i slike tilfelle i heiden tid ofte (oftast?) var utbering, og at det var bonden der kvinna tilfeldigvis fødte barnet, som tok avgjerda, kan ein vel lese mellom linene i dei kristne lovene.

Denne retten som husbonden ser ut til å ha hatt til å bestemme over born til tenestefolk, træljar og dei som meir tilfeldig har hatt tilhald hjå han, har som eg skal kome attende til, truleg samanheng med økonomiske forhold som bakgrunn for barneutbering. Det er logikk i at den som har det økonomiske ansvaret for huslyden, også har det avgjerande ordet når det er snakk om kor mange munnar som kan mettast.

At husbonden har det avgjerande ordet i slike saker, vert endå meir framheva i dei litterære kjeldene enn i lovene. I nokre av dei litterære motiva er husbonden ein slektning til den fødande

kvinna (bror), og han let barnet bere ut mot viljen til nærmare mannleg slektning (far, son) (vedlegg I 5 og 8). I tilfelle der kvinna ikkje lever saman med barnefaren, skulle ein kanskje tru at det var hennar nærmaste mannlege slektning som i samsvar med reglar som elles er fylgde i samfunnet, hadde det avgjerande ordet i slike tilfelle, men når det gjeld barneutbering, tyder dei litterære kjeldene på at det var slektningen der kvinna hadde tilhald, som tok avgjerda, trass i at det fanst nærmare slektningar. På dette punktet kan det vel vere at dei litterære kjeldene gjev eit rett bilete, for dette stemmer godt over eins med det biletet lovene gjev av husbonden si rolle. Dessutan er dette eit punkt som ikkje har mønster i framande litterære motiv; og dersom det kristne norrøne samfunnet praktiserte barneutbering i ei eller anna form, kan litteraturen avspegle det som var samtida si oppfatning av kven som tok avgjerder i slike saker. I tilfelle var forholda på dette punktet neppe særleg ulike i heiden og i kristen norrøn tid.

## 2.2 Kvifor vart born borne ut?

Det har truleg vore fleire grunnar til barneutbering. Ein av desse grunnane går klart fram av dei bevarte kristenrettane - særleg dei norske. Faktum er at desse kristenrettane forbyr ikkje barneutbering totalt, men gjev - i alle høve i teorien - høve til å bere ut sterkt vanskapte born. Har det vore tillate å bere ut vanskapte born i kristen tid, kan ein trygt dra den slutninga at dette var praksis i heiden tid.



I EG (Olavteksta), EB og EE<sup>3)</sup> finst det noko ulike, men detaljerte skildringar av kor vanskapte born skal vere før dei kan berast ut. Desse skildringane - om ikkje i akkurat den form vi har dei - er det grunn til å tru er opphavlege i kristenrettane, både fordi dette truleg har funnest i alle landskapslovene, og fordi ein vanskeleg kan tenkje seg at dette har kome inn på eit seinare tidspunkt dersom barneutbering først var totalforbode. Dei "feil" som gjev lovleg grunn for utbering, er jo langt større enn det ein kan kalle "kosmetiske" feil. Faktisk er skildringane av dei feil barnet må ha, av ein slik art at ein kan tvile på at det har vore fødde born som fyller kravet i lovene for å kunne berast ut; men ein kan seie at lovene teoretisk sett opnar for å bere ut vanskapte born. Ein må difor kunne gå ut frå at samfunnet har sett det som svært viktig å kunne kvitte seg med slike born.

3) I den bevarte forma av EF ventar denne detaljerte skildringa, og lova har i staden den yngre formuleringa som påbyd dåp av alle born som har mannshovud - same formuleringa som i dei yngre kristenrettane. Kristenretten i EF gjev etter vanleg meining i det store og heile att teksta i erkebiskop Øysteins lovbok, Gullfjodr, og er altså frå siste halvdel av 1100-talet (frå før 1180). Men den eldste kjende lovboka til trønderane er Grágás (må ikkje forvekslast med dei islandske fristatslovene). Det er etter mitt syn all grunn til å tru at den trøndske Grágás har hatt den same detaljerte skildringa av kor vanskapte born måtte vere for å berast ut som dei andre landskapslovene. Det går fram av Bjarkøyretten for Nidaros som i kap. 1 i kristenretten (vedlegg II 6) viser til þeim orbumblum (feil for orkumblum) /.../ sem i lagum er mælt. Eg tolkar dette slik at B her har bevart ei formulering som viser til ei eldre, taft formulering i EF. I EE ser vi at eldre og yngre formuleringar av forbodet mot barneutbering står ved sida av kvarandre. EE er også noko meir restriktiv enn EG og EB. Dei vanskapte borna som kan berast ut etter dei andre to lovene, er her delte i to grupper, der den eine gruppa skal døypast og alast opp (endeleg avgjerd er overlaten til bispen), den andre gruppa skal berast ut (vedlegg II 12 og 13).

Om ein tek formuleringane om vanskapte born heilt bokstaveleg, kan ein jo undre seg over kvifor slike formuleringar er komne inn i lovene. Ei forklaring kan vere at formuleringane er eit kompromiss mellom kyrkja og tingforsamlinga. Kyrkja har fått formuleringar som i praksis forbyr så godt som all barneutbering dersom lova vert tolka bokstaveleg; og dette har då kyrkja kunne sjå som ei sterk innskjerping i forhold til heiden praksis. Tingforsamlinga har i det minste i teorien fått løyve til å bere ut sterkt vanskapte born. Ei anna forklaring - som ikkje står i motsetning til den første - er at desse utrulege skildringane av vanskapte born, kan ha samband med overtru og redsle for at slike "fantasifoster" skulle fødst. Som Reichborn-Kjennerud (Vår gamle trolldomsmedisin 1933, s. 82) har peikt på, er skildringane av vanskapte born i dei norske lovene ikkje så ulike førestillingane om fabelfolk som i mellomalderens litteratur og fantasi levde i utkanten av verda. I Gesta Hammaburgensis fortel Adam av Bremen i avsnittet om landet til amasonene at amasonene fødte guttebarn med hundehovud; og i irsk litteratur finst det skildringar av besette menneske som har svært mykje til felles med skildringa av sterkt vanskapte born i norske lover. Om born med slike lyte som dei som er skildra i dei norske lovene, er lite realistiske, så er førestillingane om slike born og angsten for at dei skulle fødst realistiske nok.

Mest truleg er at ein må rekne med at formuleringane i lovene ikkje har vore tolka heilt bokstaveleg, men at det i praksis har vore ei skjønssak kor vanskapt eit barn måtte vere, før det kunne berast ut. At lovene opnar for eit visst skjøn, går for så vidt

fram av EE kap. 5 og 6 (vedlegg II 12 og 13); men her er det snakk om skjøn i så ekstreme tilfelle at det nærmar seg rein teori. Men at forbodet mot barneutbering på grunn av vanskapnad i praksis har vore tolka noko lempeleg, går etter mitt syn indirekte fram av formuleringane som er nytta i dei yngre kristenrettane. Der står det: Ala skal barn hvært er borit værdr oc manz hofud er a þo at nockur orkymli se (sitert etter Nyare Borgartings kristenrett. NGL II s. 293). Utsegna inneheld eigentleg ein logisk brest. Skal ein ale opp kvart barn som har mannshovud, så er tillegget overflødig. Tillegget kunne teoretisk sett oppfattast som ei innskjerping i forhold til dei eldre lovene som gjev detaljerte skildringar av kva slags lyte born som kan berast ut, skal ha. Men sidan det neppe har vore fødde born som fyller krava, er det berre i teorien at dette er ei innskjerping i forhold til bokstaven i dei eldre lovene.

Tillegget þo at nockur orkymli se er eg mest tilbøyeleg til å tolke som ei innskjerping retta mot gjeldande praksis. Det kan altså, trass i dei strenge krava i lovene, sjå ut som det har vore praksis å bere ut born med nockur orkymli. Dette er ei svært svevande og upresis utsegn; og har det vore praksis i kristen tid å bere ut born med nockur orkymli, var det neppe stor vanskapnad som skulle til i heiden tid før det vart sett på som god nok grunn for å bere barnet ut.

Om ein spør kvifor vanskapte born vart borne ut, er det mogeleg at det er fleire svar på dette spørsmålet. Når det gjeld sterkt vanskapte born, kan ein lese ut av EB (vedlegg II 8) at det har

vore sett på som barmhjertighetsdrap å la slike born døy. Same tankegang kan også ha gjort seg gjeldande i mindre ekstreme og meir realistiske tilfelle.

I artikkelen om barneutbering i KLNLM (vedlegg III 1) reknar Johan Hovstad med at rasehygieniske motiv kan liggje bak. Går vi så langt tilbake som til Tacitus (Germania) så kan vi finne belegg for at dei germanske folka som er skildra der, var opptekna av rasehygiene. Men vi saknar vel belegg for at dei nordiske folka i vikingtida tenkte i slike banar?

Ein grunn til at vanskapte born vart borne ut, kan også vere at fødsel av sterkt vanskapte born truleg vart sett på som eit varsel om ulukke. Ein viss angst for slike misfoster kjem vel til syne i EB (vedlegg II 8) når det står at dei skal røysast i flodmålet der korkje folk eller fe går.<sup>4)</sup> At misfoster varslar ulukke, anten det no gjeld folk eller dyr, er velkjent frå nyare folketru. I norrøne kjelder kan ein kanskje sjå den draumen som mor til kong Sverre (Sverris saga, kap 1) har før Sverre vert fødd, som belegg for at misfoster varslar ulukke.<sup>5)</sup>

4) Denne angsten kan også forklarast ved at utburden - gjenferdet av det utborne barnet - vart eit farleg vesen som kunne skade både folk og fe. Vi veit ikkje heilt når denne trua utvikla seg; men trua på utburden som gjenferd er belagd i Árna saga biskups (vedlegg I 15). Det er ikkje urimeleg at trua på utburden som eit gjenferd har samband med at kyrkja lærte at barnet har ei sjel som går fortapt når det døytr udøypt (vedlegg II 9). På den andre sida var trua på draugar utan tvil også vanleg i heiden tid.

5) I draumen vert mor til kong Sverre og hjelpekona hennar slegne av redsle når fosteret viser seg å vere ein lysande stein, og dei prøver å gøyme det merkelege barnet. Draumen vert ikkje tolka som eit varsel om ulukke, tvert imot. I den grad forfatteren - eller Sverre - har vore medveten om at draumen kunne vekkje til live førestillingar som knytte seg til misfoster, kan det liggje ein kristen tendens i dette.

I den svenske landskapslova Dalalagen står det i flokken om dåp (kap. 6): "Nu är ett barn fött i bästa lycka, det har både naglar och hår, drager andan in och ut; ett sådant barn skal få dopet." Dette har vore sett i samband med avsnitta i dei norske lovene om at misfoster kan berast ut. Men mangel av negler og hår er "feil" av ein ganske annan type enn dei ein finn skildra i dei norske lovene. I tilfelle alternativet til dåp har vore utbering, verkar det utruleg drastisk at eit nyfødt barn kunne berast ut fordi det mangla hår. Om dette avsnittet i Dalalagen i det heile har noko med barneutbering å gjere, kan uttrykket "fött i bästa lycka"-kva det no kan tyde - vere vel så interessant. Dersom utbering kunne finne stad fordi barnet sjølv eller kanskje omstende kring fødselen varsla ulukke, kunne det vere freistande å sjå uttrykket i ein slik samanheng. Men mest truleg er at dette avsnittet i Dalalagen over hovudet ikkje har noko med utbering å gjere. Truleg er dette eit forbod mot å døype eit barn som er født så tidleg at det ikkje har klare livsteikn etter fødselen, altså eit forbod mot å døype dødt barn. At barnet er født i "bästa lycka" vil då seie at det er fullbore.

Fattigdom og matmangel, eller for stor folkesetnad i forhold til tilgangen på mat, er vel det som har vore halde fram som den viktigaste grunnen til barneutbering i heiden tid.

At dette må ha vore ein grunn, synest også å ha støtte i kjeldene, sjølv om ein må sjå på nokre av dei kjeldene som knyter saman barneutbering og matmangel, med ein viss skepsis.

Av vedlegg I 14 går det t.d. fram at det først er på eit seint tidspunkt at opplysninga hjå Ari om at of barna vtburþ scylldo standa en formo log oc of hrossakiozt át vert sette i samband med kvarandre i dei skriftlege kjeldene. Om Ari meinte å seie at begge atterhalda mot kristen sed var gjorde for å sikre mattilgangen, veit vi ikkje.

Reykðœla saga (vedlegg I 3) vert barneutburd sett i samband med uår. Drap av gamle, som vert omtala i samanheng med utbering, kunne nok bety noko for matforrådet, men å bere ut nyfødde born, ville eigentleg ikkje gjere situasjonen særleg betre på kort sikt, sidan speborn får næringa si frå mora. I den grad den situasjonen som er skildra i Reykðœla saga, har ein historisk kjerne, finst der ei anna rimeleg tolking av denne sagateksta enn den vanleg aksepterte, nemleg at barneutbering - og drap av gamle - er å sjå som menneskeofring til gudane i ein desperat vanskeleg situasjon, ikkje som løysing på dei aktuelle matproblema på kort sikt. Ei slik tolking av teksta er også Juha Pentikäinen inne på (op.sit. s. 71).

Utbering på grunn av utilstrekkeleg tilgang på mat kan også ha funne stad sjølv om samfunnet totalt sett hadde nok mat til alle. Dei fattige i samfunnet kan ha sett seg nøydde til å bere ut sine born av eigen vilje, og som vi har sett, kunne også husbonden la

born til trølar, tenestefolk og andre som oppheldt seg hjå han, bere ut. Bonden kan ha gjort dette fordi den samla tilgangen på mat vart knapp om alle born til trølar og tenestefolk fikk leve opp.<sup>6)</sup> Men dette kan bonden også ha gjort utan at tilgangen på mat var direkte knapp, men fordi han ikkje ynskte å påta seg utgifter med å føde opp fattigfolks born. Dette kunne til ei viss grad tære på bondens økonomiske ressursar.

Om det er sant som Ari seier, at Alltinget år 1000 då kristendomen vart innført, tok atterhald m.a. om barneutbering, så var det ikkje fattigfolk som hadde makt til å få dette gjennom. Ein kunne kanskje sjå på denne "resten av heidenskap" som ei viktig prinsippsak for heidningane som ikke hadde så mykje å seie i realiteten; men dersom barneutbering har vore eit økonomisk spørsmål, så må dette ha vore eit økonomisk spørsmål også for dei som hadde makt i samfunnet. Barneutbering kan altså ha tent til å halde oppe ein sosial skilnad, også til å halde forholdstalet mellom fattige og rike under kontroll.

At fattigfolks born i heiden tid vart borne ut fordi bonden ikkje ynskte å påta seg økonomiske utgifter, anten han no hadde råd til det eller ikkje, går indirekte ganske klart fram av dei før

<sup>6)</sup> I artikkelen "Um lok þræladóms á Íslandi", Skírnir 1932 reknar Árni Pálsson med at det berre var born til trølar som vart borne ut. I avhandlinga Het kind in de oudijslandse samenleving, Groningen 1970, støttar Martina Wilhelmina Stein-Wilkeshuis synspunkta til Árni Pálsson, m.a. at forbodet mot barneutbering kan ha ført til at trølane fekk så stor huslyd at bonden såg seg tvinga til å gje dei fridomen - og dermed det økonomiske ansvaret for seg sjølv. Ho reknar også med at barneutbering var langt vanlegare enn det ein får inntrykk av i sagalitteraturen, fordi litteraturen først og fremst gjev eit bilete av overklassen.

omtala avsnitta i lovene som gjev detaljerte påbod om kva som skal gjerast med barnet til gongukona (tiggerkvinne) som døyr, og med trækvinnebarn som det ikkje finst far til (vedlegg II 4, 5). Ein kan vel lese mellom linene at dette høgst sannsynleg er born som vart borne ut i heiden tid.

Om manglande økonomisk evne hjå foreldra til å føde opp barnet sitt er den vanlegaste grunnen til utbering, kan ein lett forstå utsegner i dei litterære motiva som går ut på at det vart rekna for ei skam om velstående folk let bere ut sine egne born. Dette kunne verte oppfatta som eit teikn på svak økonomi, eller det som verre var: gjerrugskap og låtilmennska.

På den andre sida kan ein også forstå om ein velstående bonde ynskte å begrense sin eigen barneflokk av økonomiske grunnar for å halde oppe ein sosial skilnad i samfunnet. Utgiftene til oppfostring kunne til dels løysast gjennom systemet med oppfostring hjå andre. Men hadde han mange døtrer som skulle ha heimanfølgje, og mange søner som skulle dele arv, kunne dette føre til at ætta seig ned frå velstand til fattigdom. Men om dette var ein grunn til barneutbering mellom dei meir velstående, har vi neppe kjeldegrunnlag for å dra slutningar om.

Det er også andre økonomiske grunnar enn tilgangen på mat - og eventuelt omsynet til arv - som kunne spele ei rolle for barneutbering; nemleg tilgangen på kvinneleg arbeidskraft. Ein skal ikkje sjå bort frå at det gjekk ikkje så lite kvinneleg arbeidskraft med til å mate og ta seg av små born. Sjølv om ein ikkje



kan rekne med at trøleborn og borna til tenestefolk vart tekne særleg godt vare på, har dei likevel lagt beslag på arbeidskraft. Og ein må vel berre vente at ein bonde ikkje såg med særleg velvilje på at trølkvinner og tenestekvinner brukte ein stor del av arbeidstida si til å ta seg av sine eigne born.

Born til fattige kvinner (trølkvinner) som faren ikkje vedkjende seg, har vi grunn til å tru kunne verte borne ut av økonomiske grunnar. Men at faren ikkje vedkjende seg barnet eller vende mora ryggen, kunne truleg vere grunn til utbering også om kvinna var storætta og rik. Formuleringar i lovene gjev neppe grunnlag for å dra denne slutninga, men fleire av dei litterære kjeldene oppgjev dette som grunn (vedlegg I 1 og 8). På dette punktet vil eg gjerne feste lit til dei litterære kjeldene, for den grunnen dei oppgjev for barneutbering, er heilt i samsvar med norrøn tankegang. Om ein mann vende kona si ryggen utan grunn, var dette ein hån ikkje berre mot kvinna, men også mot ætta hennar. Og om ein mann hadde eit forhold til ei ugift kvinne utan å gå fram på normal måte og be om å få henne til kone, var dette også eit overgrep mot kvinna si ætt - i særleg grad om han ikkje vedkjende seg barnet som vart resultatet av eit slikt forhold. Om kvinna si ætt (dvs. den mannlege slektningen kvinna oppheldt seg hjå) let borna til slike menn bere ut, kan ein sjå dette som en adekvat hemn. Dermed behandla nemleg kvinna si ætt barnefaren som ein som stod under dei i rang.

Det kan også tenkjast ein annan situasjon der omsynet til ætta si ære var grunnen til at born til kvinner av god ætt vart borne ut,

nemleg der barnet var resultatet av eit sosialt uakseptabelt forhold. Forhold mellom høgætta mann og lågætta/ufri kvinne, vart aksepterte, og var relativt vanlege. Forhold mellom høgætta kvinne og lågætta/ufri mann vart ikkje aksepterte, og var truleg svært uvanlege. I norske lover er forhold mellom fri kvinne og træl rett ut eit kriminelt forhold, og kvinna vert straffa om forholdet vert kjent.<sup>7)</sup> Born som var resultatet av slike forhold, ville kvinna si ætt truleg helst kvitte seg med. Dette går ikkje direkte fram av dei avsnitt i lovene som gjeld barneutbering, eller av litterære kjelder,<sup>8)</sup> men indirekte av at lovene ikkje aksepterer slike forhold. Det er då rimeleg at samfunnet heller ikkje ville akseptere resultatet av slike forhold. Som eg tidlegare har peikt på, kunne kvinna sjølv, om ho hadde fått barn med ein træl, kome i ei så vanskeleg stilling at ho sjølv kunne verte freista til å kvitte seg med barnet. Om ho sa kven som var barnefaren, vart ho straffa, om ho ikkje sa kven som var barnefaren, vart ho også straffa. Etter tradisjonen skriv straffearbeidet i kongsgarden for slike kvinner seg frå tida til Harald hårfagre. Etter islandsk lov (Grágás Ib, s. 58, II s. 182, III s. 422) kan kvinna også torturerast for å få henne til å seie kven faren er. Der gjeld dette generelt, ikkje berre der det er mistanke om at faren er træl.

Eg har nemnt at barneutbering kan ha vore eit middel til å halde ei sosial likevekt i samfunnet; det kan også ha vore eit middel

7) I norske lover er straffa for slike kvinner bot eller straffearbeid i kongsgarden.

8) I Jómsvíkinga saga er utbering løysinga der barnet er resultatet av eit anna slags uakseptabelt forhold, blodskam.

til å halde eit ynskjeleg forholdstal mellom kjønna dersom samfunnet ikkje fann det naturlege forholdstalet ynskjeleg.

Det har vore vanleg oppfatning at utbering har ramma jenteborn sterkare enn guteborn. Grunnane for å dra ei slik slutning er dels at ein har rekna med at den mannlege arbeidskrafta var meir verdifull for samfunnet enn den kvinnelege arbeidskrafta, eller at samfunnet med andre ord hadde bruk for fleire menn enn kvinner for å fungere optimalt, dels har det vore peikt på at eit samfunn som det norrøne utan regulering ville få kvinneoverskot på grunn av stort fråfall av menn i ung alder (pga. kamp, sjøferder osv.) og dels har ein kome fram til dette ved å vise til parallellar hjå andre folk som praktiserer eller har praktisert barneutbering.

Korkje lovene eller dei litterære kjeldene som fortel om barneutbering, gjev grunnlag for å dra den konklusjonen at jenteborn var meir utsette for utbering enn guteborn. Dei litterære kjeldene fortel mest om utbering av guteborn, men det har samanheng med at dei fleste sentrale personar i sogene er menn. No kan det likevel vere rett at jenteborn oftare vart borne ut enn guteborn, sjølv om vi ikkje har kjelder som sannar dette direkte. Denne tesen vil stå og falle med kor gode argument det kan førast fram for han.

At jenteborn generelt er mest utsette for utbering hjå folk som praktiserer denne skikken, er etter mitt syn eit svært usikkert argument. Konklusjonar om det norrøne samfunnet må ein dra av norrønt materiale og ut ifrå forholda i det norrøne samfunnet.

Dei to andre argumenta kan det vere grunn til å sjå litt nærmare på.

Det er truleg rett at det var høgere dødsrate mellom unge menn enn mellom unge kvinner på grunn av kamp, farleg arbeid, sjøferder osv. På den andre sida var det truleg også mange unge kvinner som døydde i barselseng, så det er ikkje sikkert at kvinneoverskotet mellom folk i relativ ung alder var særleg stort.<sup>9</sup> Med tanke på giftarmålspolitikken i samfunnet veit vi heller ikkje om det vart sett på som lite ynskjeleg med eit visst kvinneoverskot. Vi veit at det norrøne førkristne samfunnet til ei viss grad praktiserte fleirgifte, og frillehald var vanleg. Vi veit ikkje om eller i kva grad desse ordningane var resultatet av eller freistnader på å løyse problemet kvinneoverskot.

Dessutan kan det umogeleg ha vore alle område som hadde kvinneoverskot i slutten av heiden norrøn tid. Når det gjeld forholdstallet mellom vaksne kvinner og vaksne menn, er det grunn til å rekne med betydelege variasjonar mellom landa og landområda.

Dei siste hundreåra av heiden norrøn tid var ein kolonisasjonsperiode då store menneskegrupper forlet moderlandet og slo seg ned i nytt land, dels bygt, dels ubygt. I landnåmsperioden må vi

<sup>9</sup> I avhandlinga Bernska, ungdómur og uppeldi á einveldisöld (Reykjavík 1983) viser Loftur Guttormsson korleis forholdstala mellom menn og kvinner i ulike aldersgrupper var på Island og i dei andre nordiske landa på 1700-talet og 1800-talet. Alle landa har eit visst kvinneoverskot mellom folk i gifteferdig alder, men dette er større på Island enn i dei andre nordiske landa.

rekne med som sikkert at langt fleire menn enn kvinner forlet moderlandet og slo seg ned i nytt land. Dette må ha ført til at i eit nybyggjarsamfunn som Island var det under heile landnåmsperioden - og minst i ein generasjon seinare - eit konstant kvinneunderskot mellom folk i vaksen alder. I dei områda landnåmsmennene kom frå, vart det motsette tilfelle, og kvinneoverskotet vart størst i områda med størst utflytting. Eit svært skeivt forholdstal mellom vaksne kvinner og vaksne menn var truleg sett på som ugunstig både ut ifrå giftarmålspolitikk og ut ifrå behovet for kvinneleg arbeidskraft i eit samfunn med strengt kjønnsdifferensierte arbeidsoppgåver. I nybyggjarsamfunna verkar det difor lite rimeleg og logisk at barneutbering i særleg grad skulle gå ut over jenteborn.

Anneleis kunne kanskje forholdet vere i dei landområda der utvandringa hadde skapt eit betydeleg kvinneoverskot. Ein kunne tenkje seg at jenteborn her vart meir utsette for utbering enn guborn. Men det er ikkje sikkert at dette kvinneoverskotet automatisk førte til ei stor utbering av jenteborn. Mellom nyfødde born fanst det jo om lag like mange jenter som gutar. Kvinneoverskotet kom først mellom folk i vaksen alder som følgje av stor utvandring mellom menn. Skulle utbering av jenteborn rette opp dette misforholdet, måtte problemet løysast ein generasjon før det oppstod. Så framsynte kunne folk kanskje vere dersom dei rekna med at utvandringa ville halde fram også i framtida. Dessutan måtte utvandringa som hadde skapt kvinneoverskotet som kunne gje grunn til å bere ut jenteborn, føre til ein

til dels drastisk nedgang i folketalet, som kunne motverke utbering generelt.

Hovudargumentet for det synet at fleire jenteborn enn guteborn vart borne ut, har vel vore at den mannlege arbeidskrafta var meir verdifull for samfunnet enn kvinneleg arbeidskraft, og at samfunnet trong meir mannleg enn kvinneleg arbeidskraft.

At det er noko i dette argumentet, vert vel sanna av det forholdet som alt er peikt på, at Island under landnåmstida klarte seg med eit betydeleg kvinneunderskot. Men landnåmstida var heller ingen "normal" periode når ein ser på behovet for den eine eller den andre typen arbeidskraft. Behovet for arbeidskraft til å rydje land, byggje hus o.l., altså mannleg arbeidskraft, måtte vere forholdsvis betydeleg større i landnåmstida enn seinare.

Skal ein sannsynleggjere at ein i det norrøne samfunnet bar ut fleire jenteborn enn guteborn fordi ein hadde behov for mindre kvinneleg arbeidskraft, så burde denne tesen underbyggjast med å vise kor mange kvinnearbeidsdagsverk og kor mange mannsarbeidsdagsverk som går med for å halde oppe eit hushald av ein gjeven storleik og som lever under bestemte kulturelle forhold. Dette er ikkje heilt lett fordi vi ikkje kjenner arbeidsfordelinga mellom kvinne og mann i detalj, og fordi det kan vere vanskeleg å rekne ut kor stor arbeidsmengd eit arbeid utgjer, og det fører for vidt å gå nærmare inn på dette her. Men eit samfunn som det islandske, der kvegdrift og saueavl relativt sett vart viktigare næringsvegar enn i dei områda landnåmsmennene kom frå, måtte krevje

etter måten mykje kvinneleg arbeidskraft.<sup>10)</sup> A mjølke, å bu til mjølkeprodukta, å stelle ulla og å bu til dei ferdige produkta av henne, var kvinnelege arbeidsoppgåver som var ganske tidkrevjande. I dei områda landnåmsmennene kom frå, fanst det derimot fleire arbeidsfelt som berre kravde mannleg arbeidskraft, t.d. jakt, felle tømmer o.l., og menn utførte også åleine fleire av arbeidsprosessane i arbeidet med kornet, ein næringsveg som fekk relativt sett mindre å seie på Island. Her kunne altså behovet for kvinneleg arbeidskraft truleg vere noko mindre enn på Island, og her var det også eit kvinneoverskot ved slutten av heiden tid.

Har behovet for kvinneleg arbeidskraft i forhold til mannleg arbeidskraft vore avgjerande for i kva grad jenteborn vart borne ut, ser vi igjen at det er lite logisk at jenteborn vart borne ut av denne grunn på Island, det verkar meir sannsynleg at dette kan ha skjedd i Noreg. Underskot på kvinneleg arbeidskraft kunne på den andre sida også vere ein grunn for utbering, men ikkje spesielt for utbering av jenteborn. Men om jenteborn vart borne ut på grunn av kvinneoverskot, kan det neppe ha ramma alle samfunnsklasser likt. I dei øvre samfunnsklassene må det ha vore ynskjeleg av omsyn til giftarmålspolitikken at det fanst om lag

<sup>10)</sup> Som Helgi Þorláksson har vist i artikkelen "Arbeiderkvinnens, særlig veverskens, økonomiske stilling på Island i middelalderen" i Kvinnans ökonomiska ställning under nordisk medeltid (red. Hedda Gunneng & Birgit Strand, 1981) tyder den ugunstige utviklinga av kvinneløner samanlikna med mannløner på Island i seinmellomalderen på eit visst overskot av kvinneleg arbeidskraft. Var det overskot på kvinneleg arbeidskraft på 1300-talet, var det same sannsynlegvis tilfelle også i hundreåra før. Men så tidleg som ved utgangen av heiden tid hadde forholdstalet mellom kvinne og mann neppe stabilisert seg på eit naturleg nivå. På slutten av 900-talet var det truleg ikkje berre underskot på kvinner, men også på kvinneleg arbeidskraft.

like mange kvinner som menn i gifteferdig alder. Derimot tyder kjelder frå kristen tid på at samfunnet ikkje såg det som særskilt ynskjeleg at fattige folk gifte seg, og det same synspunktet gjorde seg sikkert gjeldande i heiden tid. Her kunne difor omsynet til kva samfunnet trong av kvinneleg arbeidskraft, slå sterkare ut.

Ei tekst som eg ikkje har sett utnytta i samanheng med spørsmålet om jenteborn var mest utsette for å verte borne ut, er gudediktet Rígsbula.<sup>11)</sup> Men det er mogeleg at denne teksta kan gje støtte til den tesen at det vart sett som ynskjeleg og normalt med færre jenteborn enn guteborn i ein syskenflokk. Diktet reknar opp borna til trælen, bonden og jarlen. Trælen har 12 søner og 9 døtrer, bonden har 12 søner og 10 døtrer, jarlen har 12 søner, men døtrer står ikkje nemnde. Truleg har strofa der døtrene vart rekna opp, falle bort. Om ein tek episke lover i bruk for å rekonstruere talet, kan dette vere både 11 og 12. Forholdstalet mellom søner og døtrer er altså 4 - 3 hjå trælen, 6 - 5 hjå bonden og truleg 12 - 11 eller 1 - 1 hjå jarlen. Sjølv sagt er det spekulativt å sjå denne differansen som resultatet av utbering, og eg vil ikkje akkurat våge å dra ein slik konklusjon. Men det biletet som kjem fram i diktet, stemmer ikkje så helt dårleg med dei konklusjonar ein kan kome til på andre måtar.

<sup>11)</sup> Det er omstridd kor gammalt gudediktet Rígsbula er. Nokre meiner at diktet er så ungt som frå 1200-talet. I tilfelle har det liten verdi i vår samanheng. Andre meiner at det er gammalt og frå heiden tid. Etter mitt syn er det mange sider ved diktet som tyder på at det er gammalt, utan at eg skal grunngje det nærmare her; og diktet kan då vere ei interessant kjelde til forhold i heiden tid.



Eit spørsmål det måtte vere nærliggjande for oss å stille, er om ein av grunnane til utbering kunne vere at kvinnene skulle skånast for den påkjenning det var, stadig å ha spebarn ved brystet. Her har vi neppe kjelder som kan gje svar.

### 2.3 Kva slags born/kven sine born vart borne ut?

Svara på dette spørsmålet kan dragast ut av grunngevingane for dei svara som vart gjevne på spørsmålet under punkt 2.2, og eg skal her berre gje ei punktvis samanfatning av kva slags born/-kven sine born som utgjorde spesielle "risikogrupper" med omsyn til utbering.

- Det er klart at vanskapte born - truleg i alle samfunnsklasser var ei svært utsett gruppe.
- Borna til dei fattige, tenestefolk og trølar var ei meir utsett gruppe enn borna til dei velstående. Mellom desse var born som ingen vedgjekk farskapet til, ei særleg utsett gruppe.
- Born til kvinne av god ætt kunne verte ei utsett gruppe om faren ikkje kjendest ved dei eller om han vende mora ryggen.
- Born som var resultat av sosialt uakseptable forhold, var truleg ei utsett gruppe.
- Jenteborn var truleg ei noko meir utsett gruppe enn guteborn, men her har ein både sosiale og geografiske variasjonar.

#### 2.4 Omfanget av barneutbering i heiden tid.

Kor stort omfang barneutberinga i heiden tid hadde, er det svært vanskeleg å gje svar på.

Om ein reknar med at ein betydeleg del av dei vanskapte borna vart borne ut, ville dette likevel utgjere ein svært liten del av levande fødde born.

Born som vart borne ut som hemn frå mora si ætt fordi faren hadde vendt mora ryggen, hatt eit illegitimt forhold til henne, eller ikkje ville kjennast ved barnet, vil vel også utgjere marginale tilfelle, og det same må gjelde born som vart borne ut fordi dei var resultatet av sosialt uakseptable forhold.

Dei grunnane for barneutbering som kan bety meir for omfanget, er utbering på grunn av fattigdom, utbering for å halde oppe ein sosial skilnad og for å regulere forholdet mellom samfunnsklassene, og utbering for å oppnå det samfunnet såg som eit gunstig forholdstal mellom kvinner og menn.

At fattigfolk sjølve bar ut fordi dei ikkje hadde nok mat til å fø opp ein stor barneflokk, kan ha hatt eit betydeleg omfang, i alle høve i visse strok og til visse tider.

At bonden bar ut born til tenestefolk og trølar fordi han ikkje

ville ha utgifter med å føde opp borna deira, kan også ha hatt eit betydeleg omfang.

Ein kunne tenkje seg at dette talet vart påverka av kor vanleg det var at tenestekvinner og trækvinner levde i ekteskap. Som vi har sett, kunne bonden la bere ut borna til både gifte og ugifte tenestekvinner og trækvinner. Om det var relativt vanleg at trækvinner og tenestekvinner levde i ekteskap, ville dette føre til at dei fødde fleire born enn om dei levde ugifte, og frå bondens synsstad auke behovet for utbering. Men truleg var giftarmålsalderen for tenestekvinner og trækvinner høg, og prosent av gifte låg. Dette ville generelt minke behovet for utbering i desse samfunnsklassene. På den andre sida ville dette føre til at ein høg prosent av borna til tenestekvinner og trækvinner var fødde utanfor ekteskap, og desse borna var sannsynlegvis ei endå meir utsett gruppe enn borna til gifte tenestekvinner og trækvinner. Det kan altså vere grunn til å tru at barneutbering i desse samfunnsklassene var betydeleg i alle tilfelle.

Utbering av jenteborn fordi dei var jenter, kan også ha hatt eit visst omfang i lågare samfunnsklasser og i område med stort kvinneoverskot. Men eg trur likevel at eit relativt stort behov for kvinneleg arbeidskraft i den type samfunn som vi hadde i Norden, har hindra masseutbering av jenteborn.

## 2.5 Korleis var omstende kring barneutberinga?

### 2.5.1 Vart barnet bore ut levande eller vart det drepe.

Som vi ser av vedlegga, har dei som har skrive om barneutbering i heiden tid, gått ut frå at borna vart borne ut levande og overlata til seg sjølve for å døy. Dette biletet har forskarane danna seg med grunnlag i dei litterære kjeldene. Juha Pentikäinen er den som uttrykker seg mest forsiktig på dette punktet:

"In studying Icelandic sagas it is useful to draw attention to the fact that they normally never tell of the violent killing of children. /.../ The lack of actual descriptions of child murder does not of course mean that in those times there were not violent killings of children in Nordic countries." (Op.sit. s. 72).

For å svare på spørsmålet om borna vart borne ut levande eller om dei vart drepne - før dei vart borne ut eller i samband med utberinga - er dei litterære kjeldene verdilause av den lett skynelege grunnen at dei fortel om born som skal leve. Utberingsmotivet fungerer litterært som varsel om at barnet har ei stor framtid.

Truleg kan heller ikkje lovene gje eit sikkert svar på dette spørsmålet, men eg trur at ein nærmare semantisk analyse av ord og uttrykk som er brukte i lovene, i alle fall vil vise at det er grunn til å setje eit kraftig spørsmålsteikn ved den tradisjonelle oppfatninga.

Til denne tid har eg nytta uttrykka "bere ut" og "barneutbering" som om dette var uproblematisk uttrykk i det norske (og nordiske) materialet. Det er det ikkje. Uttrykka bera út og barna

útburður er einerådande berre i det islandske materialet. Dei norske - og svenske - lovene kjenner også andre uttrykk. Ved sida av bera út har dei norske lovene slá út (vedlegg II, 4,7,18), og ved sida av barna útburður har vi barns útsláttu (vedlegg II 4) og barns útkast (vedlegg II 7). Verbaluttrykket som skulle korrespondere med barns útkast finst ikkje i det norske materialet, men i det svenske (Gutalagen).

Uttrykka varierer ikkje fritt. I EG er bera út nytta konsekvent. Og det er ikkje overraskande at ein i det vestnorske området nyttar dei same termene som er kjende frå dei islandske kjeldene. Dei trøndske lovene nyttar eit anna uttrykk, nemleg slá út (men bera út er noko nytta ved sida av dette i bevarte handskrift. Det kan sjå ut som bera út trengjer inn i det trøndske materialet frå det vestnorske, eventuelt frå islandsk gjennom islandske skrivarar.

Uttrykket barns útkast i B (Nidaros bylov) som korresponderer med eit uttrykk kasta út (belagt i sv.) kan ha kome inn i det norske materialet etter austleg påverknad. Bjarkøyretten har jo sterk tilknytning til svensk område. Uttrykket står isolert i det trøndske materialet. Kva uttrykk som har vore brukt for barneutbering på det austnorske området, går ikkje fram av lovene.

Den skilnaden vi finn mellom norske lover i val av uttrykk for å skildre den handlinga der ein kvittar seg med eit barn som ikkje skal leve opp, kan teoretisk sett forklarast på to måtar:

1. Dei ulike uttrykka er dialektale uttrykk for den same handlinga, og tyder det same.
2. Uttrykka tyder ikkje det same. Barneutbering har då vore praktisert på ulike måtar i ulike landsluter.

Noreg var eit såpass stort landområde at det siste alternativet er vel tenkjeleg. Eg går ut frå som temmeleg sikkert at denne skilnaden i val av uttrykk er opphavleg i dei norske landskapslovene. Det er vanskeleg å forklare korleis ein slik skilnad skulle kome inn på eit seinare tidspunkt.

Der ein har uttrykket bera út barn, fortel verbet som vert brukt, ingen ting om barnet er levande eller drepe. Men det synest meg som uttrykka slá út (og kasta út) tyder på at ein her snakkar om barnelik, og ikkje levande born. Uttrykket slá út barni sínu er eigentleg eit merkeleg uttrykk, for objektet for slá út er elles véske av eit eller anna slag eller noko som er i véske. I norsk finst det eit ordtak som eg trur bør nemnast i denne samanhengen, nemleg: Slå ut barnet med vaskevatnet. Essensen i ordtaket i moderne norsk er noko slikt som "å vrake det som er godt saman med det som er dårleg". Det er sjølv sagt umogeleg å seie kor gammalt eit ordtak er, og det er heller ikkje alltid så godt å vite kva som er bakgrunnen for eit ordtak, men ein bakgrunn må det ha, og det kunne tenkjast at eit ordtak som "slå barnet ut med vaskevatnet" har kome opp fordi dette ein gong vart gjort.

Om barn, som ikkje skulle alast opp, vart slegne ut med vaskevatnet, er det ganske nærliggjande å tenkje seg at dei vart drukna i det same vaskevatnet, om dei ikkje vart drepne på annan måte. Frå eit såpass nærliggjande område som Frisen har vi kjeldebelegg for at born som skulle berast ut, vart drukna (Reichborn-Kjennerud, vedlegg III 3; og i ei arabisk kjelde, Al-Qazwini frå 1200-talet, som gjennom ein mellomlekk siterer ei eldre arabisk kjelde frå siste halvdel av 900-talet, ei reise-skildring av Ibrahim at-Tartusi, fortel al-Qazwini at at-Tartusi opplyser om innbyggjarane i Hedeby at dei ofte i staden for å føde opp nyfødde born heller kasta dei på sjøen for å sleppe utgiftene. Om barnet vart slege ut med vaskevatnet - innanfor det området som nyttar termen slá út - så bør ein kanskje også leite etter gravplassen for slike barn der huslyden elles kvitta seg med det dei slo eller kasta ut.

Eit anna språkleg uttrykk i dei norske lovene som også kan tyde på at barn som ikkje skulle leve opp, vart drepne, og ikkje berre sett ut for å døy, er at verbet som vert nytta for å skildre dette drapet, spilla, alltid er nytta i aktiv form (sjå vedlegg II 2, 10, 16).

I Glossarium til Norges Gamle Love, Bind V, er spillir i setninga: Ef maðr berr út barn heidit eða cristit oc spillir omsett med "lader det omkomme". Ein kan sjølv sagt tenkje seg at den aktive forma av verbet har passiv tyding. Det er ikkje ukjent i norront. Men den aktive forma av verbet spilla, der verbet har eit liknande semantisk innhald som i sitata frå lovene, har elles

aktiv tyding - altså 'drepe' og ikkje 'la døy'. Forklaringa på at lovene alltid nyttar aktive former av verbet spilla, kunne også vere at sidan det nyfødde barnet er så svakt og hjelpelaust, er utbering av levande barn sett på som eit aktivt drap sjølv om det ikkje vert øvt vald mot barnet. Men eg synest likevel det er verdt å leggje merke til at over alt der dei norske lovene nyttar verbet spilla i tilknytning til barneutbering, er det nytta aktiv form av verbet, aldri láta spillask. Det siste ville vere ein mogeleg, og eg vil meine den normale uttrykksmåten i språket, dersom ein ynskte å skildre eit passivt drap 'la døy'/'la omkom' i motsetning til det aktive 'drepe'/'myrde'.

Eit anna moment som kjem fram ved ein nærmare analyse av teksta i dei norske lovene, og som kan tyde på at borna som vart borne ut/slegne ut, alt var drepne eller vart drepne som lekk i denne handlinga, er at fleire av dei norske lovene nyttar formuleringar som tyder på at ein har nytta det same språklege uttrykket om å kvitte seg med eit dødfødt barn som å kvitte seg med eit barn som ikkje skulle få leve opp.

I EF kap.2 (vedlegg II 4) har vi formuleringa: En ef maðr neittar þui at barn var vtt slægit nema daut være boret... og i den såkalla Erkepiskops Jons kristenrett, kap. 5 (vedlegg II 18) har ein den nesten likelydande formuleringa: En ef maðr nittar þui at æigi var barn vtt slegit, nema daut være borit...

Det kan av og til vere noko vanskeleg å få tak i det nøyaktige innhaldet i utsegner med nema, men i døma ovanfor skulle det vere



klart at nema ikkje negerer innhaldet i setningane føre, men berre avgrensar dei vilkår som handlinga i den første setninga skjedde under. Innhaldet i sitata skulle då vere at: barnet var slege ut, men det var daudt. Det vil seie at ein kan bruke uttrykket slá út både om å kvitte seg med eit dødfødt barn og om å kvitte seg med eit levande født barn som ikkje skal få leve opp. Det vert då eit indisium på at det levande fødte barnet er drepe når det vert "slege ut".

Også av den islandske bispesoga Árna saga biskups (Biskupa sögur, 1858, s. 687) går det fram at folk (fáfróðir menn) omtalte lika - og gjenferda - av born som døydde utan å vere døypte, og som var gravlagde i uvigd jord, som útburðir (vedlegg I 15). Desse borna, som visseleg vart borne ut døde, vart altså kalla det same som dei borna som etter vanleg oppfatning vart borne ut levande, og overlatne til seg sjølve for å døy.

Strofa - "af tvivlsom oprindelse" som Finnur Jónsson seier i Den norsk-islandske skjaldedigtning -i Þórsteins þáttr Tjaldsleðings (vedlegg I 7) er også interessant i samanhengen når ein skal prøve å kome fram til korleis born som vart borne ut, vart handsama. Ein kan trygt gå ut frå at denne strofa ikkje er ekte, i alle høve er ho ikkje dikta i den situasjonen som går fram av tåtten. Strofa kan vere komen til under munnleg tradisjon, eller vere dikta av den som gav tåtten den skriftlege forma. Strofa er altså mest truleg eit produkt frå kristen tid. Trass i at strofa ikkje treng vere eldre enn fleire av dei andre litterære tekstene, er ho interessant fordi den som har laga strofa, har

førestillingar om korleis det gjekk føre seg når born vart sette ut i heiden tid, som ikkje er heilt i samsvar med førestillingane i dei fleste av dei meir utførlege prosaskildringane; men som derimot synest å peike i same retning som enkelte formuleringar i lovene, nemleg at barnet vart drepe.

I strofa seier barnet: þarf eigi járn at eggja  
né jarðar men skerða.

"det trengst ikkje å kvesse jarn, dvs. våpen, eller å skjere jordskorpa". Her skulle det vere sagt temmeleg klart at den som har laga strofa, meinte å vite at det utborne barnet vart drepe og så grave i jorda. (At det vart nedgrave, går i dette tilfellet også fram av prosateksta.)

Også i nokre få andre av dei litterære tekstene ser vi at forfattaren har hatt ei førestilling om at barnet eigentleg skulle ha vore drepe, og at det var den som bar barnet ut, som skulle drepe barnet etter at det var bore ut. Dette kjem fram i Harðar saga, i Ála-flekks saga og i þórsteins þáttr uxafóts. Som sitata frå den vitskaplege litteraturen viser, har dette vore sett på som reine unntak. Eg skulle heller tru det er regelen som skin gjennom i desse litterære motiva. I nokre av dei litterære motiva i det islandske materialet ser altså førestillinga ut til å vere at barnet vart bore ut og så drepe.<sup>12)</sup> Når ein møter denne førestillinga i dei litterære motiva i det islandske materialet,

<sup>12)</sup> þórsteins þáttr Tjaldstoeðings er noko uklar på dette punktet. Dersom forteljinga skulle byggje på gamal munnleg tradisjon, kan ein ikkje heilt sjå bort frå at ho har opphavet i austnorsk tradisjon.

er det mogeleg at ein bør sjå dette i samanheng med at Gulatingslova <sup>13)</sup> har formuleringa: Ef maðr berr út ... oc spillir, medan Frostatingslova brukar formuleringa: ef maðr slær vtt barne sínu. Desse ulike formuleringane er, om ein ser dei isolert, eit så spinkelt og usikkert materiale at ein må vere uhyre varsam med å dra slutningar på grunnlag av dei. Det er når ein ser formuleringa i Gulatingslova i samanheng med det islandske materialet, at det vert interessant at Gulatingslova har formuleringa: bere ut og drepe. Om det var skikken at borna vart borne ut og så drepne i det vestnordiske området - og dermed også på Island - kan dei ulike formuleringane i kristenrettane forklarast med at forbodet mot barneutbering frå opphavet av i kvar einskild landskapslov var formulert slik at lova retta seg direkte mot skikken som den vart praktisert i kvar landsdel.

På Vestlandet (og Island) tyder altså både litterære motiv og formuleringar i lovene på at barnet vart bore ut og så drepe.

På det trøndske området tyder formuleringane i lovene - slá út - på at barnet vart drepe før det vart bore ut. Formuleringa slá út ok spilla er aldri brukt, eg skulle gå ut frå at denne formuleringa ville vere umogeleg fordi barnet som vert slege ut, alt er drepe. Dei trøndske lovene brukar ikkje verbet spilla i samband med barneutbering, og det er heilt logisk om uttrykket slá út også omfattar barnedrap.

<sup>13)</sup> Kong Sverres Kristenrett har også same formuleringa. Denne kristenretten byggjer på Gulatingslova og Frostatingslova.

Dei to austnorske kristenrettane uttrykkjer seg ikkje slik at vi kan sjå kva uttrykk dei har brukt om barneutbering. EE kristenrett brukar ein stad verbet spilla (vedlegg II 10), men i ei formulering som truleg høyrer til eit yngre lag, og som difor kan vere påverknad frå ei anna lov.

Derimot er det ein interessant skilnad mellom dei austnorske lovene på den eine sida og vestnorsk/trøndsk lov på den andre. Vestnorsk/trøndsk lov forbyr å bere ut/slå ut born (med unntak av sterkt vanskapte), og seier så kva straffa er om nokon (mann eller kvinne) gjer dette. Dei austnorske lovene påbyr at alle born (med unntak av sterkt vanskapte) skal alast opp, men seier ingen ting om kva straffa er for å bryte dette påbodet. Derimot går begge dei austnorske lovene vidare med å seie frå om kva straffa er for barselkvinne som drep barnet sitt.

Spørsmålet er om barneutbering og barnedrap utført av den fødande kvinna er sett som to ulike brotsverk, eller om dette som dei austnorske lovene faktisk behandlar i samanheng, er å sjå som sider ved same sak, nemleg barneutberinga, slik denne skikken vart praktisert i det austnorske området.

Dersom barneutbering i det austnorske området vart praktisert slik at barnet vart drepe av den fødande kvinna<sup>14)</sup> - anten ho

<sup>14)</sup> Det er berre den fødande kvinna sjølv som er mistenkt i lovene. Det er også ei formulering i EE kap. 6 (vedlegg II 13) som kan peike mot at praksis i heiden tid var barnedrap. Det er nemleg presisert i lova at dei vanskapte borna som skal gravast i kyrkjegarden, skal lata lifa sua længi sem ma. Når dette må presiserast, kan grunnen vere at det folk normalt ville gjere i følgje gamal sed, var å drepe barnet.

gjorde det av eigen vilje eller etter pålegg frå mannen/bonden- og så bore ut, er det logikk i at dei austnorske lovene ingen ting seier om straffa for barneutbering. Det eigentlege brotsverket er då barnedrapet, som har funne stad før barnet vart bore ut; og det vert nok å seie kva straffa er for dette brotsverket. Drapsmåten, etter mistanken i kristenrettane å døme, var kveling eller stryping, eventuelt slag (at barnet ikkje skal vere blått eller blodig, vedlegg II 11, kunne også tyde på det siste).

Om vi hadde betre og eldre kjelder frå svensk område, ville det også vere lettare å danne seg eit bilete av korleis barneutbering vart praktisert på det austnorske området. Men yngre svenske lover har det felles med dei austnorske kristenrettane at praktisk talt all mistanke for barnedrap er retta mot mora.

Når det gjeld dette punktet, må eg ta atterhaldet som eg har vore inne på tidlegare, at det er vel tenkjeleg at det i kristen tid vart eit press mot kvinna til å utføre barnedrapet for at brotsverket lettare kunne løynast. Men dei austlege områda av Skandinavia synest å skilje seg ut ved at her er mistanken mot kvinna sterkare enn i dei andre områda.

At dei to austnorske kristenrettane ikkje seier noko som helst om straff for barneutbering, derimot om straff for barnedrap utført av kvinne; og at påbodet om at alle born skal fødast opp, og barnedrap utført av kvinne er behandla i samanheng, synest eg kan tyde på at også innanfor det austnorske området var det i heiden

tid praksis at barnet vart drepe - her truleg normalt av mora - før det vart bore ut.

Når desse argumenta for at barneutbering i Norden også har omfatta eit aktivt barnedrap er lagde fram, skal det likevel nemnast at i dei parallellane til barneutbering i lovene til andre germanske folk som Lizzie Carlsson peikar på i avhandlinga: "Jag giver dig min dotter", går det klart fram at det her er snakk om born som vart sette ut levande, for lovbestemmelsane gjeld m.a. kven som har retten over borna, dei biologiske foreldra eller dei som har teke seg av dei, om dei biologiske foreldra kjem på andre tankar og vil ha borna tilbake. Dette kan sjølvsagt takast som eit argument for at borna vart sette ut levande også i Norden. På den andre sida er det ikkje opplagt at dei forholda som er omtala i lovene til dei særlegare germanske folka, gjeld normale tilfelle av barneutbering. Dette kan også dreie seg om hitteborn som foreldra har forlate på eit seinare tidspunkt.

## .2 Når vart barnet bore ut?

Jón Steffensen uttalar seg om dette i "Nokkrir þættir úr menningu hins íslenska þjóðfélags í heiðni" i Menning og Meinsemdir, Reykjavík 1975. Han seier at born som skal berast ut, skal berast ut før dei har fått mat. Dersom barnet får mat, tyder det at det er teke opp som medlem av samfunnet, for det er det rettslaust. Han viser til ei formulering i Grágás om arv som belegg for dette synet: Barn þat er móðir er mundi keypt, er þá arfgengt, er

lifanda kemr í ljós ok matr kemr i munn (Konungsbók. Grá. 1852 I s. 222), i Staðarhólsbók (Grá. 1879 s. 98) finst varianten: matr kemr niðr.

Konklusjonen trur eg er heilt rett, men belegget er ikkje det mest velvalde, for i sitatet ovanfor står det etter mitt syn berre at born må vere levande fødde for å ta arv. Det er ikkje nok at mora eller jordmora seier at barnet drog etter anden eller røyvde seg med det same det var fødd. At barnet er så livskraftig at det kan ta mat til seg, er det lova krev for å rekne eit barn som levande fødd.

At born som skal berast ut, skal berast ut før dei får mat, går derimot heilt klart fram av dei norske lovene, i dei formuleringar som finst der om når barneutbering kan tillatast til og med i kristen tid. Klarast går dette fram i variantane av EB: bau [orkumbl] skulu mykil a bæim manne er æighi ma moðer matt gewa/modr ma æigi mat gefua (vedlegg II 8).

Den første matgjevinga, dvs. at barnet vart lagt til brystet, kan altså ha vore ei viktig seremoniell handling som har betydd liv eller død for barnet på meir enn ein måte.

Truleg må vi også sjå påboda i lovene om at dei som hjelper til ved fødselen, ikkje skal forlate mor og barn før barnet er lagt til brystet (vedlegg II 9) i denne samanhengen. Om vi her har eit pålegg som er opphavleg i kristenrettane, kan det sjå ut som lovgjevarane i den første kristne tida har rekna med at barnet

som enno ikkje hadde fått mat, trong eit spesielt vern. Etter at barnet hadde fått mat, ville det vere tryggare fordi mora - i samsvar med heiden tankegang - ville føle at ho handla mot sed og skikk om ho drap eit barn som hadde fått mat.

### 5.3 Kan ein feste lit til det dei litterære kjeldene fortel om korleis barnet vart utstyrt?

Dei litterære kjeldene gjev utførlege skildringar av kva som vart gjort med barnet etter at det var bestemt at det skulle berast ut. Det desse kjeldene fortel, kan grovt sett delast i to punkt:

1. Korleis vart barnet utstyrt?
2. Kvar gjorde dei av barnet?

Når det gjeld det første punktet, kan vi ikkje lese noko som helst ut av lovene, når det gjeld det siste punktet, er det mogeleg at lovene indirekte kan fortelje litt.

Som eg har vore inne på, kan mykje av det dei litterære kjeldene fortel om barneutbering, ha som funksjon å skape ei realistisk ramme som kan forklare at barnet overlever. Om born som vart borne ut, vart drepne - og eg synest det er mykje i materialet som peikar i den lei - kan ein ikkje feste lit til det dei litterære kjeldene fortel om kva som vart gjort for å halde barnet i live. Dei punkt i desse framstillingane som ein då må rekne med er fri dikting, er t.d. at barnet vart godt påkledd.



Bortsett frå at dette punktet har ein klar funksjon i eit motiv der barnet skal overleve, og bortsett frå at det også kan ha mønster i framand litteratur, er det endå ein grunn til at ein bør sjå på denne påkledinga med mistanke: Om fattigdom var den viktigaste grunnen til barneutbering, er det ulogisk at born som vart borne ut for å døy, vart godt kledde. Påkledinga vitnar om ei omsorg for barnet som ikkje høver saman med barneutbering. Påkledinga er rimeleg berre i dei tilfella der mora eller den som ber ut, prøver å redde barnet. Det er tilfelle i fleire av dei litterære motiva, og slikt kan sjølvsagt ha hendt i røyndomen, men dette er ikkje normale døme på barneutbering, og kan ikkje fortelje noko om korleis barneutbering normalt gjekk føre seg. Eit anna moment som vi finn i eit par av dei litterære motiva, og som kan vere noko vanskeleg å forklare, er denne fleskebiten i munnen på barnet. Den mest rimelege forklaringa på at denne fleskebiten har kome med i eit par av dei litterære motiva er, etter mitt syn, at det også i norrøn tid var vanleg å stikke noko i munnen på spebarn for å få dei til å slutte å gråte. Før barnet vart så stort at det fekk toggen mat i ein tøyklut i munnen, måtte det få noko anna som det ikkje kunne setje i halsen. Ein så stor fleskebit at barnet ikkje kunne klare å svelgje han, ville vere velegna - og eg skulle tru relativt ufarleg som narresmökk - spesielt om svoren var på så barnet ikkje kunne klare å tygge han sund. Fleskebiten kan ha kome med i eit par av dei litterære tekstene fordi forfattaren har tykt synd i det utsette barnet og stukke tidas narresmökk i munnen på det. Men dette er et moment som tilhøyrer diktinga. Normalt ville det ikkje vere bruk for nokon narresmökk fordi barnet var drepe.

#### 5.4 Kvar gjorde dei av barnet?

I dei litterære tekstene vert barnet forlate levande under eit tre/ei trerot, mellom steinar, i ei open grav.

Treet som vern for det utsette barnet peikar i retning av litterært lån; og dei islandske forfattarane har også hatt realistisk sans nok til å bruke dette motivet berre i litteratur der handlinga er lagd til eit miljø utanfor Island (vedlegg I 9, 10). I þórsteins þáttr uxafóts (vedlegg I 8) som fortel om utsetjing i islandsk miljø, er barnet laga ein lun plass under ei trerot. I småvoksen bjørkeskog finn ein neppe mange tre som gjev skjul under røtene, men ein kan kanskje sjå dette som ei realistisk tillemping av eit framandt litterært motiv.

Opplysningane i dei litterære kjeldene om at det utborne barnet vart lagt mellom steinar med ei helle over eller i ei open grav, kan - i alle fall ved første augnekast - verke tillitsvekkjande fordi det kan sjå ut som dette vert støtta av pålegg i dei norske lovene (vedlegg II 13). Men det kan også tenkjast at forfattarane av dei litterære tekstene har forma forteljingane sine etter mønster av dei forskrifter som galdt for korleis sterkt vanskapte born som kunne berast ut i følgje dei eldste kristenrettane, skulle gravleggjast.<sup>15)</sup> Det er ikkje visst at denne gravlegginga

<sup>15)</sup> Eit problem her er sjølvsagt at dei litterære tekstene er islandske medan forskriftene berre finst i norske lover. Men med den kulturelle kontakt som var mellom landa, er det svært sannsynleg at mange islendingar hadde kunnskap om norske lover; og fleire norske lovhandskrift er faktisk førte i pennen av islendingar.

føregjekk på same måten som gravlegginga av det utborne barnet i heiden tid.

At vanskapte born som vart "borne ut" i samsvar med lovene i kristen tid, vart lagde i ei open grav som vart moka att når barnet hadde døydd, er forståeleg, for kristenrettane tillet ikkje at barnet vart drepe. Men dermed er det ikkje sagt at det utborne barnet i heiden tid vart lagt i ei open grav. Poenget med den opne grava fell bort om barnet vart drepe. Om barnet - i motsetning til det eg trur - skulle vere forlate levande, må ein rekne med at grava måtte fyllast att seinare. Dette ville bety eit meirarbeid, og at utberingsprosessen vart dregn ut i tid, noko som ikkje akkurat talar for at det føregjekk på denne måten. At barnet vart forlate i ei open grav eller liknande, og ikkje grave ned, trur eg er utenkjeleg etter norrøn tankegang. Norrøne lover krev nemleg at alle lik skal dekkjast til, og det er ikkje truleg at lik etter utsette barn har vore eit unntak.

Når lovene (vedlegg II 13) krev at det vanskapte barnet skal leggjast i ei grav, og at det skal leggjast heller over til vern mot hundar og ramnar, så er den grava som her er skildra, ei hellegrav av ein enkel type som var brukt både i heiden og kristen tid. Når lova krev heller over barnet, så kan det vere fordi det her ikkje er kravt at nokon skal vakte barnet til det døyr, eller det kan vere fordi det neppe har vore vanleg å gjere seg føre med å grave ei djup grav for slike born. Hellene kunne

vere naudsynlege for at dyr ikkje skulle kunne grave barnet opp att etter at jord var moka på. Slike enkle hellegraver kan godt ha vore brukte for å gravleggje utborne born også i heiden tid, men om heller over barnet er kravt i ein kristenrett, er det ikkje noko prov på at ein gjorde seg så mykje føre med grava i heiden tid. Derimot står det noko anna i denne samanhengen som kanskje fortel meir om korleis gravlegginga av det utborne barnet gjekk føre seg i heiden tid. Det står presisert at ein skal ikkje la jord falle på før barnet er dautt. Når det er nødvendig å presisere dette, så kan grunnen vere den at det i heiden tid var vanleg å kaste jord på barnet straks. Det er sjølvsagt rimeleg om barnet alt var drepe - som eg trur var tilfelle. Teoretisk kunne ein tenkje seg ei anna forklaring, at barnet vart gravlagt levande. Eg nemner dette alternativet fordi denne skikken i tilknytning til barneutbering er kjend; men så vidt eg veit ikkje i kulturar som stod det norrøne samfunnet nær.

I følgje EB (vedlegg II 8) skal sterkt vanskapte born, som denne kristenretten ser på som "ureine", røysast i flodmålet. Flodmålet er også i norske kristenrettar gravplassen for dei som av ymse grunnar ikkje kan gravleggjast i vigd jord. Dette fortel difor neppe noko om gravplassen for born som vart borne ut i heiden tid. Det som kanskje er verdt å leggje merke til, er at det vanskapte barnet skal leggjast i røys. Det er rett nok kjent frå langt seinare tid at brotsmenn som ikkje fekk kyrkjeleg gravferd, vart lagde i røys på Island. Men det er eigentleg noko påfallande at ein norsk kristenrett påbygd røysing, for dei brotsmenn som skal få si grav i flodmålet, skal gravast, ikkje røysast.

Kristenrettane forbyr sjølvsgagt å røyse lik som skulle gravast på kristen måte. Når dei norske kristenrettane påbyr at brotsmenn skal gravast, kan det vere fordi dei ikkje ynskjer å halde liv i ein heiden gravskikk. Men dei vanskapte borna som skal røysast i flodmålet, er altså eit unntak.

